ANTON AURE

PRESTAR
SOM TALAR NYNORSK

Stutte livssogor med ei innleiding um norsk maal i kyrkja.

— Med 93 bilæte. —

RISØR
FORLAGT AV ERIK GUNLEIKSON
1924

Kjære Sigurd Fjør!
Siste helsin frå ein ven
som snart skal døy.
Din
Anton Aure

ANTON AURE

PRESTAR SOM TALAR NYNORSK

ANTON AURE

PRESTAR
SOM TALAR NYNORSK

Stutte livssogor med ei innleiding um norsk maal i kyrkja.

— Med 93 bilæte. —

RISØR
FORLAGT AV ERIK GUNLEIKSON
1924

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket

Serprent av „Ung-Norig“ nr. 11 og 12, 1923 og nr. 1, 2, 3 og 4, 1924.

RISØR BOKTRYKKERI — RISØR

Til

Sokneprest Anders Hooden,

den fyrste presten som alltid preika paa nynorsk maal, og

Biskop Peter Hognestad,

den fyrste bispen som nytta berre nynorsk maal i all si embættsgjerning.

I høgvyrdnad

Bokskrivaren.

Innhald:

Innleiding.

Norske salmar og norsk bibel . . . . . Side 1
Dei fyrste preikor paa norsk. Ungdomsprestane.
Norsk liturgi. Avlidne prestar . . . . . „ 8
Bispar som talar nynorsk . . . . . „ 17
Prestar som alltid preikar paa nynorsk . . . . . „ 24
Prestar som stundom hev preika paa nynorsk . . . . . „ 59
Etterord . . . . . „ 79
Register . . . . . „ 81

Innleiding.

Norske salmar og norsk bibel.

Gjenom kyrkja — og seinare gjenom skulen — kom det danske maalet inn i Noreg, sa presten og salmediktaren Landstad, og gjenom kyrkja og skulen maa det ut att. Det er mykje rett i dette. Dei verdslege embættsmenner i dansketidi hjelpte sagte godt til aa tyna det norske maalet; men visst er det at reformationen og alle dei danske prestarne gjorde mest til at danskemaalet fekk so heilt yvertaket.

I den katolske kyrkja var messa paa latin, men dei katolske prestarne her i landet *preika* paa norsk, skreiv gudelege bøker paa norsk og brukte det norske maalet i brevskap. Paa erkebispestolen vart det norske maalet brukt til 1510 daa erkebispen Gaute døydde. Ettermannen hans var dansken Erik Valkendorff som brukte berre dansk.

Daa so reformationen vart innført i heile Noreg ved eit dansk kongebod, vart dei fleste av dei gamle prestarne avsette, og dei nye som kom i staden var danskar. I stadenfor at desse danske prestarne burde lært seg norsk maal, tvinga dei folket til aa læra deira *danske* maal, for det var det einaste dei brukte i skrift og tale. Og dei faae bøkerne som folk fekk lesa i var paa dansk og prenta i København. Dansk bibel, dansk salmebok og katekisme.

Frametter heile dansketidi var det helst danskar (og tyskdanskar) som fekk embætte i Noreg, so heile embættsstandet vart reint dansk. Dei faae nordmennerne som kom inn paa embættsvegen, fekk all si upplæring i Danmark og vart so fordanska at dei ikkje var stort betre enn dei innflutte, allvisst

i maalvegen.*) Dansk vart det „fine“ maalet som ikkje berre heile embættsstandet brukte, men som ogso byfolket i Noreg etter kvart tok etter. Norsken seig ned til aa verta bondemaal, „almuesprog“. Men døydde ut gjorde daa det norske maalet ikkje. Det livde like friskt paa folketunga, og jamvel litterært kann me segja det livde gjenom folkevisorne og eventyri. Men desse vart ikkje uppskrivne fyrr langt ut i det 19de hundradaaret, og det norske maalet fekk ingi fast skriveform fyrr Ivar Aasen kring 1850 sette upp sin landsmaalsnormal.

Der *var* nok einskilde menner som i eit serhøve freista aa skriva norsk maal; men dei skreiv daa eit eller anna norsk maalføre so godt dei kunde. Me kjenner no kring 60—70 skrivne dikt paa norskt maalføre fraa dansketidi. Sume veit me ikkje kven hev skrive; men dei fleste kjenner me upphavsmannen til. Og det syner seg at det for det aller meste er embættsmannssøner som hev skrive deim.**) Bondefolket skreiv helst ikkje noko, maavita. Desse dikti er helst brudlaups- og fødedagsdikt eller andre høvesdikt og vart lite kjende for det meste.

At der *fanst* embættsmenner som kunde bruka norsk maal i tale, kann me skyna av det som er fortalt um Søren Schive som var prest i Bjelland fraa 1737 o. fr., at han „fremfor andre kunde prædike paa det av almuen i Bjelland bedst forstaaelige gamle norske fjeldmaal“.

Men alt dette var berre spreidde freistnader som fekk lite aa segja. Dansken raadde grunnen og vart det *einaste* maalet embættsfolket og yverklassa i byarne brukte. I hovudsaki hev dette vore so alt upp til vaar tid. Men i dei seinste 20—30 aari hev det vorte fleire og fleire norske embættsmenner som hev teke til aa bruka norskt maal i tale og skrift. Fremst millom desse stend prestane.

Men fyrr eg nemner noko meir um prestar som hev preika paa norsk, skal eg i stutte drag fortelja noko um det som elles er gjort til aa faa Gudsordet paa norsk maal.

* * *

*) Paa 1700-talet kom det jamvel eit kongebrev som fastsette at ingen kunde verta prest i Noreg utan dei hadde studera ved „akademiet i Kiøbenhavn“.

**) Mange av desse var eller vart prestar.

Fyrst litegrand um norsk salmedikting. Alt til kring 1870 vart her i Noreg brukt berre dei danske salmebøkerne, den av Kingo eller den „evangelisk kristelige". Salmediktaren Landstad gjorde istand ei ny salmebok, og etter mykje revidering vart ho godkjendt til kyrkjebruk i 1869. Landstad vilde gjerne gjera salmarne so norske som han torde og sette inn mange sernorske ord; men dette toldest ikkje i den tidi og dei aller fleste norske ord vart strokne av revisjonen. Men snart tok det so smaatt til aa veksa fram ei heilnorsk salmedikting. Fraa fyrsten var det berre nokre smaae freistnader. Ivar Aasen hadde alt i 1855 sett um „Vaar Gud han er so fast ei borg" paa norsk, og Aasmund Vinje og Jon Klæbo hadde ogso klunka litegrand paa salmetonen. Men det var fyrst *Elias Blix* som fekk retteleg magt i songen.



Elias Blix

Blix sende i 1869 ut det fyrste vesle hefte av „Nokre salmar, gamle og nye". Det var 9 umsette og 4 originale. Der var nok av dei som grein og flirde aat denne fyrste vesle freistnaden; men det var og mange som gledde seg, millom desse ogso salmediktaren Landstad som fleire gonger sende Blix helsing med bøn um aa halda fram. I 1870 sende so Blix ut det andre vesle hefte av „Nokre salmar". Det inneheldt 27 nye salmar og i 1875 kom tridje hefte med 67 nye salmar. Ei samla utgaava: „Andre rettade og aukade utgaava" kom i 1883, og denne vart uppattprenta i 1887. I 1891 kom so endeleg „4de aukade utgaava" med 150 salmar ialt. No set Blix for fyrste gong namnet sitt paa tittelbladet av boki.

„Nokre salmar" vart so autorisera til kyrkjebruk ved kongeleg resolution fraa 4. mars 1892. Det var statsraad W. A. Wexelsen som daa var kyrkjeraad. Aaret etter tok bokhandlar Olaf Huseby til aa gjeva ut Landstads salmebok med Blix-salmarne som tillegg. Huseby gav salmebøkerne sine vent utstyr og tok med tillegg um kyrkjebyggjing og um salmediktarar med ei mengd bilæte. Salmebøkerne hans vart mykje

etterspurde og gjorde mykje til aa spreida Blixsalmarne og gjera dei kjende. I 1903 vart Blixsalmarne rikseige liksom Landstadboki og eit nytt forlag „Salmebokforlaget“ fekk i 1904 einerett til aa gjeva ut salmebøker i 15 aar. Det skulde vera same pris for bøker med og utan Blixsalmarne, og det vart daa snart til det at dei kom med i alle salmebøker.

Dei fyrste sokner som innførde Blixsalmarne var Ranum og Skage sokner i Overhalla i Namdalen som baae gjorde vedtak um aa bruka salmarne alt sumaren 1892, nokre vikor etter dei var autorisera, den tridje sokni var Eksingedalen, undersokn til Hosanger i Hordaland, i 1896. Sidan vart dei innførde i den eine kyrkja etter den andre mest i bygderne, men ogso i nokre byar. No er dei i alt innførde i umlag 500 kyrkjor. Visseleg hadde dei vore innførde i mange fleire, dersom ikkje folk i dei siste 10—12 aari hadde venta paa den nye umarbeidde utgaava av Landstadboki, som stiftsprovt Gustav Jensen hev gjort ferdug. Denne boki hev vorte gjenomset av ei nemd og vart for eit par aar sidan autorisera til kyrkjebruk; men ho hev endaa ikkje kome ut, kva som no er grunnen. I denne boki vert det uppimot 200 salmar paa nynorsk innsette paa sin plass millom dei norsk-danske.

I dei seinste 20—30 aari hev det kome fleire nynorske salmediktarar til. Blix dikta sjølv mange nye salmar etter 1891. Dei fleste av desse kom ut i boki „Salmar og songar“ i 1900. Blix døydde i 1902. Av dei andre salmediktarane kann nemnast: Anders Hovden, som hev gjeve ut fleire samlingar: „Salme og song“ 1905, „Vert ljos“ 1914 og „Salmar“ 1920, Johannes A. Barstad som gav ut „Kvæde“ 1904 og „Klokkeljod“ 1914, Matias Skard som gav ut „100 salmar“ i 1904, og Bernt Støylen som gav ut „Salmar og aandelege songar“ 1920. Ymse salmar av desse og andre diktarar hev kome med i Gustav Jensens salmebok.

Ei heil nynorsk salmebok er no i arbeid ved Anders Hovden og bispane Støylen og Hognestad. Vonleg vert det ikkje so lang tid fyrr denne kann koma ut og verta autorisera til kyrkjebruk.

* * *

Men skulde ein faa eit nynorsk kyrkjemaal laut ein fyrst og fremst hava ein norsk bibel. Etter reformasjonen vart det berre brukt danske biblar i Noreg. Rett nok vart det etter me kom laus fraa Danmark prenta biblar i Noreg; men maalet var det same, dei ørsmaae bridge som vart gjort var so faae at det ikkje er nemnande.

Det fyrste bibelstykke som vart prenta paa nynorsk er etter det me veit joleevangeliet som A. Chr. Bang, seinare bisp i Oslo, umsette i 1868.*) Tvo aar etterpaa gav Georg Grieg i Bjørgvin ut „Evangelium etter Markus" paa norsk. Presten J. E. Unger hev skrive fyreord til dette og hev kanskje hjelp til med umsetjingi. Johannes-evangeliet kom ut paa telemaal i 1871 umsett av departementsmannen Werner Werenskiold.

Dette var berre einskildmanns tiltak. Men i 1880 tok Det norske samlaget upp tanken um aa faa istand ei vitskapleg godkjend bibelumsetjing paa norsk, fyrst og fremst det nye testamentet. Dei sende daa søknad til Stortinget um studnad til dette arbeidet, og dei fekk 1,000 kr. „til en prøveoversættelse af en del af det nye testamente paa det norske folkesprog — — paa betingelse af at departementet godkjender valget af de mænd der overtager oversættelsesarbeidet".

Matias Skard.

Professor dr. Elias Blix tok paa seg aa setja um Romarbrevet og dette vart prenta i 1882. I 1883 kom „Evangeliet etter Markus" som Matias Skard, sidan skuledirektør i Agder, hadde sett um. Han sette ogso um „Evangeliet etter Lukas", „Apostelgjerningar" o. fl. av brevi. Presten Johannes Belsheim sette um „Evangeliet etter Mattæus" og fleire brev. Blix sette sidan um „Evangeliet etter Johannes". Desse skrifterne kom so ut einskildvis etter dei var gjenomset av Blix og Ivar Aasen. Heile ny-

*) Den merkelege Vestnespresten Otto Theodor Krogh let alt i 1853 klokkaren I. Brovold setja um ei par sundagsevangeliar paa romsdalsmaal og prenta dette i „Morgenbladet"; men det var berre ordrett umsett dansk, so det er lite nemnande.

testamentet vart ferdugt i 1889 og kom daa ut samla hjaa Det norske samlaget. Maalet i denne utgaava var den gamle Aasenformi med fleirtalsform i gjerningsordi og gamle endingar. Men umlag alle dei som skreiv nynorsk kom meir og meir burt fraa dette og skapte eit lettare og meir moderne maal. Blix tok seg daa fyre og gjekk igjenom nytestamentet paa nytt lag og gjorde fleire brigde. Ei „Ny gjenomsedd utgaava" kom daa ut hjaa Det norske bibelselskapet i 1899. Seinare hev denne kome i fleire nye upplag.



Johannes Belsheim

Blix hadde fyrr han døydde teke til aa umsetja paa det gamle testamente, men han rakk berre dei 52 fyrste Davidssalmarne. Peter Hognestad umsette so resten og „Salmarne" kom ut i 1904.

I den tidi denne fyrste norske bibelumsetjingi vart til, var dei svært rædde for aa gjera maalet og stilen altfor folkeleg naar det skulde gjeva att Gudsordet. Dei ottast folk daa skulde segja det gjorde det heilage „simpelt". Og dei var rædde for aa vikja for mykje ut fraa det folk var vane med i den dansk-norske bibelen. Difor vart maalet noko stivt og stilen ofte ufolkeleg, endaa um det i so maate var mykje betre enn i bibelen paa norsk-dansk.

Men det kom nye tider med nye synsmaatar. Daa Blix var død fekk Det norske samlaget professor Alexander Seippel til aa halda fram med bibelumskrifti og han bygde umskrifti si paa heilt folkeleg grunn. Her hev han ogso naatt til meisterskap. Han tok til med Mosebøkerne og Fyrste Mosebok kom ut i 1905. I 1913 var han komen so langt at alle Mosebøkerne og Josvaboki var prenta. Daa tok han ogso til med ei ny og meir folkeleg umskrift av nytestamentet jamsides arbeidet med det gamle. I 1915 sende han so ut Evangeliet etter Matteus og sidan hev dei andre tri evangelia og Apostelsoga kome og Domarboki av det gamle testamente.



Alexander Seippel.

Men Seippel var professor og det vart mest berre fristunder han fekk nytta til umsetjingsarbeidet. Naar det so skulde takast so grundigt tok det lang tid og ein vart snart klaar yver at det vilde verta lenge fyrr ein fekk heile bibelen i ei fullt vitskapleg umsetjing.

Studentmaallaget i Oslo tok so i 1915 upp tanken um aa faa til ei millombils umsetjing der ein brukte alt det som var ferdugt av umskrifter fraa grunnteksti og resten av bibelen skulde ein so faa fleire dugande folk til aa umsetja etter gode umskrifter paa andre germanske maal. Fyrst meinte dei aa faa heile bibelen ut til reformasjonshøgtidi i 1917; men so fort gjekk det no ikkje. Baade umsetjingi og prentingi tok lenger tid enn dei hadde venta; men sumaren 1921 var daa heile bibelen ferdug og vart utsendt. Bispen Hognestad saag igjenom alle nye og gamle umskrifter og retta alt inn i same maalform.

Professor Seippel held fram med umskrift fraa grunnteksti, og fraa 1919 hev ogso Ivar Mortensson Egnund drive med umskrift av profetane.

* * *

Dette er berre nokre stutte drag or soga um nynorsk salmedikting og den norske bibelumskrifti. Dei som vil lesa meir utførlege utgreidingar um dette fær eg syna til bispen Hognestad si „Soga um norsk kyrkjemaal" i preikeboki „Gud er attaat" (Kr.ania 1914), til lærar Peder Hovdan sine stykke um „Norsken i kyrkja" i „Ung-Norig" 1919 og til „Soga um den nynorske bibelen" av biskop Hognestad i „Stille Stunder" o. fl. blad 1921. Dei fleste upplysningar og data i denne innleidingi er tekne or desse og ymse andre kjeldor.

Dei fyrste preikor paa norsk.

Ungdomsprestane. Norsk liturgi.

Me veit ikkje visst kven som var den fyrste som preika paa nynorsk i ei norsk kyrkja etter 1814. Men visst er det at ein lyt heilt upp i 1870-aari fyrr det hender. Den fyrste teologen me med vissa veit um hev preika paa norsk er *Kristofer Janson.* Daa han hadde vorte lærar paa Christopher Bruuns folkehøgskule paa Romundgard i Sel i Gudbrandsdalen, heldt han alt i 1869 eller 70 norske sundagspreikor paa høgskulen. Men den fyrste preika han heldt i kyrkja var den 7. januar 1872 i Faaberg kyrkja. Janson var kand. teol., men han vart aldri prest i den norske statskyrkja. Likevel maa han reknast med her.



Kristofer Janson var fødd i Bjørgvin 5. mai 1841. Han var av ei gamall kaupmannsætt der i byen, foreldri var konsul Helmich Janson og fruva Konstanse Fredrikke Neumann. Han vart student i 1859 og kand. teol. 1865. Alt daa han gjekk paa latinskulen i Bjørgvin vart han maalmann, mest gjenom samvære med Henr. Krohn, og i studentaari heldt han ofte talar paa norsk og skreiv paa norsk. Same aaret han tok embætteseksamen gav han ut forteljingsboki „Fraa Bygdom" og i dei næste 14—15 aari gav han ut mange bøker paa norsk og vart ein nammnspurd diktar. Fleire av bøkerne hans er enno mykje lesne t. d. „Fraa dansketıdi", „Han og ho", „Torgrim" o. fl. I 1869 vart han lærar paa Bruuns følkehøgskule som alt er nemnt ovanfor. Han flutte med skulen til Gausdal og vart der til 1878. Tok so til med

fyredragsferder landet rundt, sidan ogso til Sverike, Danmark og Amerika. I 1881 flutte han til Amerika og vart prest for ein skandinavisk unitarkyrkjelyd i Minneapolis. Kom i 1892 heimatt og skipa i 1895 ein unitarkyrkjelyd i Oslo, som han sidan var prest for. I dei siste 10—12 aari han livde, for han atter mykje paa fyredragsferder rundt i landet og var ein framifraa talar. Han døydde i Danmark 17. novbr. 1917.

Den fyrste statskyrkjepresten som preika paa norsk var kann henda *J. E. Unger*. I minsto fortalde bispen A. Chr. Bang i eit fyredrag han heldt i Bondeungdomslaget i Oslo hausten 1902, at presten Unger hev den æra han er den fyrste som hev preika paa nynorsk. Men han nemner ikkje naar eller kvar det var, og det hev vore uraad aa faa betre greida paa dette. Han var fyrst i fleire aar kapellan i Kvam i Hardanger; men gamle folk der torer ikkje segja at han preika paa norsk der. Derimot fortel ein harding at det gjekk ord innetter fjorden um at han preika paa norsk i Kvinnherad der han vart sokneprest i 1878, so det hev kanskje vore etter den tid.



Johan Einar Unger var fødd i Oslo 4. sept. 1831. Faren Elias Børge Unger vart same aaret sokneprest til Kvinnherad og her voks guten upp. Han las privat til studenteksamen som han tok i 1851 og vart kand. teol. 1858. So var han privatlærar i Bjørgvin til han 17. des. 1864 vart personel kapellan i Kvam i Hardanger. Vinteren 1869—70 dreiv han ogso i lag med Olav Lofthus ein folkehøgskule i Norheimsund. 13. juli 1871 vart han residerende kapellan til Alværsund, 5. jan. 1878 sokneprest til Kvinnherad og fraa 20. febr. 1897 ogso provst i indre Sunnhordland. Han tok avskil i 1910 og døydde i mai 1911. Ikkje rettare eg veit preika han sume gonger paa nynorsk ogso etter han var gamall vorten. Unger skreiv ikkje so lite i Henr. Krohns blad „Ferdamannen“ (1865—68). Noko av det han hadde skrive frametter aari samla han til ei bok „Minne og

dikt", som kom ut etter han var avliden i 1911. I denne boki er det ogso tvo—tri salmar han hev dikta.

Den næste som me veit um preika paa norsk var soknepresten *Alf Baartvedt*. Han var fraa 1877 til 1885 stiftskapellan i Nidaros bispedøme, og han styrde daa ei tid Kværnes soknekall paa Nordmør. Her heldt han vaaren 1883 ei preika paa nynorsk; men daa fekk han ei dugeleg skrape av Nidarosbispen, og so vart det berre med denne eine preika. Det var ikkje so lett aa faa kall for ein ung prest den gongen, maavita. Men han heldt fleire bibellesingar paa norsk.

Alf Baartvedt var husmannsgut fraa Fusa i Sunnhordland og fødd 25. febr. 1843. Fraa han var i 16 aars aldren vart han umgangsskulelærar i heimbygdi ei par aars tid, gjekk so inn paa Stord seminar og tok lærareksamen i 1863 og vart so atter lærar i heimbygdi til han i 1866 med laan og sparing hadde skrapa seg ihop so mykje pengar at han kunde fara til hovudstaden og ganga inn paa den kjende Heltbergs „studentfabrik". Her tok han studenteksamen aaret etterpaa (1867). Var so eit par aars tid huslærar hjaa sorenskriver Fleischer i Sogn, kom deretter inn att til Oslo og tok teologisk embættseksamen i 1872. Same aaret vart han prest for ein luthersk kyrkjelyd i Minnesota i Amerika; men han vart snart sjukleg og reiste difor heim att daa han hadde vore der $1^1/_2$ aar. Etter at han hadde vore ein sumar paa Grefsen bad vart han i 1875 lærar ved borgarskulen paa Gjøvik, i 1877 vart han stiftskap. i Nidaros bispedøme og i 1885 soknepresten til Aukra i Romsdalen. Her vart han alt til han tok avskil i 1902. Han døydde 5. jan. 1903. Baartvedt gav ut eit par smaa gudelege bøker paa norsk: „Kristeleg barnelæra" (1882) og „Kristeleg tru og livnad" (1883).

Dinæst kjem bispen *Bernt Støylen* som i 1887 heldt nynorske preikor i fleire kyrkjor paa Sunnmøre og presten *Ivar Mortensson Egnund* som same aaret preika paa norsk i Foldalskyrkja. Baae desse tvo hadde halde nynorske bibellesingar

og sundagstalar utanum kyrkja mange aar i fyrevegen. Soknepresten *Anders Hovden* preika til ottesong i Ørstakyrkja 1. joledag 1890. Han vart prestevigd aaret etter og hev alltid bruka berre norsk. Bispen *Peter Hognestad* heldt 2. aug. 1891 daa han var student nynorsk preika i Timekyrkja paa Jæren og sidan fleire gonger frametter aari. Daa han sidan var lærar paa Notodden lærarskule i fleire aar, preika han i fleire kyrkjor i Telemarki. Han tala ogso alltid norsk. Det same er aa segja um Ivar Mortensson Egnund, men han vart ikkje prest fyrr i 1909.

Provst *Jakob Kornbrekke* i Vinje preika paa norsk fyrste gongen i Nesland kyrkja i 1897 og provst *B. Th. Anker* som daa var prest i Laardal i Telemark tok ogso eit par aar etter til aa preika paa norsk.

Til denne tid var det berre preika som var paa norsk; men 17de mai 1899 vart det halde heilnorsk gudstenesta i tri kyrkjor i Telemark samstundes. Daa var baade preika, liturgi og salmar paa norsk. Det var i Vinjekyrkja ved Kornbrekke, i Laardalskyrkja ved Anker og i Selgjordkyrkja ved soknepresten *Kristian O. Norlid.* Dette var dei fyrste heilnorske gudstenestor. Nordlid som er avliden nemner eg litt um her, dei andre kjem det biografiske upplysningar um lenger ute.



Kristian Olsen Nordlid vart fødd paa Sjursøyi i Øystre Aker 6. mai 1846, foreldri var fiskar Hans Olsen og Louise Christofersen. Han vart student i 1864 og kand. teol. 1870. So var han folkehøgskulelærar i Selgjord 1871—72, i Skodje paa Sunnmøre 1873—74, folkeskulelærar i Drangedal 1874—77, huslærar hjaa O. Arvesen paa Hamar og redaksjonssekretær i „Oplandenes Avis“ 1877—79, folkehøgskulelærar i Austfold 1879—80, bladstyrar for „Østlandske Tidende“ og „Nordmanden“ (Fredriksstad og Oslo) 1880—83, bladstyrar for „Dagsposten“, Nidaros 1883—86, stiftskapellan i Oslo bispedøme 1886—98. Samstundes var han bladstyrarog utgjevar for maalbladi „Nord-

mannen" fraa 1. juli 1889 ut aaret 1891 og „Norskt barneblad" 1895—98. I 1898 vart han sokneprest til Selgjord, tok avskil i 1903 og døydde i Oslo 9. juli 1905. Nordlid vart tidleg maalmann og gjorde mykje godt maalarbeid. Umframt dei tvo maalbladi som han gav ut og styrde og ofra mykje tid og pengar paa, kosta han ut fleire smaabøker paa norsk av Jørund Telnes og O. J. Høyem. Og sjølv skreiv han paa norsk i fleire blad. Paa sine gamle dagar tok han som alt nemnt ogso til aa preika paa norsk i ymse høve.

Kring hundradaarsskiftet kom tanken um aa faa norsktalande prestar for ungdomen fram. Det var Bondeungdomslaget i Oslo som tok den tanken upp i eit møte 7. des. 1900. Dei fekk Peter Hognestad som daa var lærar paa Notodden lærarskule til aa koma til hovudstaden og halde norsk gudstenesta palmesundag 31. mars 1901. Christopher Bruun laante ut Johanneskyrkja til dette og gjorde sjølv altertenesta. Det var daa berre preika og salmarne som var paa norsk.

Sjølvsagt vart det eit stort skrik i høgrebladi imot dette; men Bondeungdomslaget gav seg ikkje. Den 18. august same aaret fekk dei presten Johannes A. Barstad fraa Volda til aa koma til Oslo og halda gudstenesta i Johanneskyrkja. No var heile gudstenesta paa norsk. Sundag 10. novbr. same hausten heldt atter Hognestad norsk gudstenest i same kyrkja.

Bondeungdomslaget vilde no faa ein fast skipnad med norske gudstenestor og 15. des. 1901 sende det søknad til stortinget um pengar til aa faa Peter Hognestad til hjelpeprest „til aa halde gudstenestor paa landsmaal i hovudstaden og i bygderne naar høve er til det." Riksstyret gjorde framlegg um aa løyva 3000 kr. aaret til dette; men daa det kom fram i stortinget 2. des. 1902, rauk framlegget „af budgetmæssige hensyn". Men i ordskiftet i tinget vart det halde fram at ein kunde setja Hognestad i eit vanlegt stiftskapellanembætte, som nett var ledigt. Han vart utnemt 31. jan. 1903 og bispen Bang ordna det slik at han fekk vera ungdomsprest i Oslo bispedøme. Dei fyrste aari vart desse norske gudstenestor haldne i ymse kyrkjor i hovudstaden; men i 1907 gav kongen løyve til aa bruka Slotskapellet til norske gudstenestor kvar 14de dag. Dei andre

sundagarne skulde ungdomspresten preika andre stader i bispedømet naar det kom krav um det. Han kunde ogso i serskilde høve verka utanum bispedømet.

Hognestad hadde ungdomsprestembættet i Oslo bispedøme til 1. april 1908 daa han vart prestelærar. Etter honom kom B. Th. Anker til 1914, so Ivar Mortensson til 1916 og sidan Jakob Sletten som enno hev det.

I 1907 vart det gjort eit brigde i stiftskapellanlovi, so denne skipnaden med norsktalande ungdomsprestar kunde verta lovfest og gjelda alle bispedøme. Same aaret kom det søknad fraa ungdomslag paa Vestlandet um aa faa ein norsktalande ungdomsprest i Bjørgvins bispedøme liksom i Oslo, og straks etter vart soknepresten Rasmus Haugsøen utnemnd i dette embætte, som han enno hev. Han hev reist mykje rundt serleg paa Vestlandet og i Nord-Noreg og preika i ei mengd med kyrkjor.

Men kravet um norske gudstenestor vart sterkare etter kvart og kom fraa alle kantar av landet. Noregs ungdomslag valde i 1907 tri mann, „Nemndi for nynorske gudstenestor", som skulde freista faa norsktalande prestar til ungdomsstemnor og i andre høve naar det kravdest. Denne nemndi fekk ogso kyrkjedepartementet til aa lysa ut stiftskapellanembætte med tillegget at det vilde vera ynskjelegt um dei ogso kunde preika paa landsmaal naar det høvde. Sidan hev det vorte utnemnd norsktalande ungdomsprestar i alle bispedøme. I Nidaros bispedøme var Knut Eik Næss ungdomsprest fraa 23. des. 1915 til 27. aug. 1920. Sidan hev det ikkje vore nokon avdi ingen hev søkt. I Agder bispedøme Halfdan Freihow fraa 27. okt. 1916 til 3. aug. 1920 og Theodor Hovda sidan 28. april, 1922. I Haalogaland bispedøme Peder Berg Rollnes sidan 20. juni 1919. I Hamar bispedøme Lars Tjensvoll fraa 19. mars 1920 til 1. april 1921 og Sigurd Fjær sidan 3. des. 1921.

I dei seinste 10—12 aari hev det ogso vorte fleire og fleire kyrkjelydar som hev kome med krav um aa faa prestar som kann preika paa norsk; men endaa riksstyret oftast hev vore velviljugt i so maate, hev det ofte ikkje kunna stetta kravet avdi det ikkje var nokon av søkjarane som kunde tala norsk. For aa hjelpa paa dette vart det tvo—tri aar halde norskmaalsskeid for prestar. Det fyrste var paa Voss sumaren

1916, det andre i Kvitseid 1917 og det tridje i Ullensvang i Hardanger 1918. Sidan hev det ikkje vore slike skeid.

Av dei som hev teke teologisk embætteseksamen dei siste aari er det svært mange som alltid nyttar norsk maal; men ikkje alle desse hev vorte prestar med ein gong, sume hev gjenge til lærarskulen eller den høgre skulen. Av dei prestar som no er i arbeid er det etter det eg veit 46 som alltid preikar paa norsk og dertil kring 30 som stundom hev preika paa norsk.

Det var lenge til meins for dei som vilde halda heilnorske gudstenestor at liturgien ikkje var utkomen paa norsk maal. Til dei fyrste norske messor laut difor prestane sjølve umsetja dei tekster dei skulde bruka. I 1899 gav bokhandlar Olaf Huseby ut eit blad med „*Salmar og tekster til kyrkjebruk 17de mai*". Det var det fyrste som vart prenta av dette slaget, og det var prof. Blix som hadde sett um teksterne. Sidan kom det ut eit blad med „*Salmar og tekster* til kyrkjebruk 17. mai og 29. juli", som Noregs ungdomslag gav ut. Bokhandlar Huseby vende seg same aaret (1899) til kand. teol. Peter Hognestad og bad honom setja um den tekstbok og altarbok som er tillegg til salmebøkerne. Hognestad gjorde ferdugt dette arbeidet um vinteren og i april 1900 vart ho sendt til Kyrkjedepartementet. Derifraa vart ho ei tid etter sendt til prof. Blix og bispen Bang som tilraadde godkjenning vaaren 1901. Men no gjekk det aar etter aar og departementet kom ikkje med si godkjenning, endaa det gong paa gong kom krav um det. Fyrst 28. oktober 1907 vart „*Tekstbok og alterbok for den norske kyrkja*" autorisera til kyrkjebruk, og ho vart ferdug prenta i mars aaret etter.

Dei fyrste kyrkjelydane som vedtok aa bruka den norske liturgien var dei 4 soknerne i Bygland i Sætesdalen der Ivar Aartun daa var prest. Dei vedtok det alt i 1906 fyrr tekst- og altarboki var autorisera. I 1908 kom so Vinje (3 kyrkjor) og Rauland (3 kyrkjor) i Telemarki, og i 1909 kom Sparbu (4 kyrkjor) i Trøndelag. Sidan kom det nokre til der det var norsktalande prestar; men i dei fyrste 9—10 aari gjekk det smaatt avdi den norske liturgien berre kunde innførast „hvor presten (presterne) til enhver tid ser sig i stand til at præke

paa landsmaal". Men 17. des. 1915 tok kyrkjedepartementet, — etter uppmoding fraa provst Kornbrekke — burt denne meinkroken, so kyrkjelydane ikkje lenger er bundne av talemaalet til presten. Sidan den tid hev det gjenge snøggare og no (oktober 1923) er den norske liturgien innført i 130 kyrkjor.

Fyrr eg no tek til aa fortelja um dei prestar som no liver, nemner eg her nokre som heldt preikor paa norsk; men som no er avlidne.

Jakob Bernhoft Gregusson vart fødd i Kvedfjord paa Hindøyi 19. aug. 1845. Foreldre: bonde Gregus Samsonson Vaagtor og Pernille Berntsdotter. Han kom i 1863 paa Trums lærarskule der han tok eks. 1865. Same aaret lærar ved borgarskulen i Vatsøy. Her hjelpte kateket Borgen honom med aa lesa framande maal. I 1869 fekk han ein timelærarpost paa Nissens skule i Oslo og hadde denne mest heile studietidi. Kom inn paa Heltbergs „studentfabrik" i 1872, student 1873, andreks. 1874, teol. embætteseks. 1878 og praktikum 1879, alle med *laud.* So var han pers. kap. i Vefsen 1879—81, sokneprest til Bjarkøy 1881—85, til Høgsfjord i Ryfylke 1885—98 og til Sparbu i Trøndelag fraa 1898—1920. Han vart provst i Nordre Innherad i 1906.

I Oslo kom han saman med Jon Klæbo og Elias Blix og samværet med deim gjorde honom til maalmann. Men det varde lenge fyrr han vaaga seg til aa bruka landsmaal i preikor, Daa han kom til Sparbu var norsken innført i skulane der og Blixsalmarne i kyrkja. I 1900 tok han til aa føra bøkerne i Sparbu fatigstyre der han var formann, paa norsk. Fraa 1905 nytta han norsk i alle embættesskriv og bøker. I 1907 tok han so smaatt til aa nytta norsk i preikor, og etter den norske liturgien var innført i kyrkjorne i 1908 brukte han berre nynorsk i alle preikor.

Han tok avskil som provst i 1919 og sumaren 1920 ogso som prest, men styrde kallet dette aaret ut. Han døydde 16. oktober 1921.

Enok Endreson Lunde

var fødd i 1861 og vart kand. teol. i 1893. I studentaari arbeidde han i indremissionen. Han vart i 1894 amtskulestyrar i Vestagder og i 1906 sokneprest til Nissedal i Telemarki. Her likte han seg so godt at han ikkje vilde flytja. Han døydde paa ettersumaren 1923.

I dei seinste aari preika han ofte paa nynorsk.

Andreas Aamot

var fødd i Oslo 3. februar 1864 av foreldri overretssakførar Hans Nobel Coucheron Aamot (1835—1896) og Jakobine Gerhardine Hansen (1837 liver enno). Han styrde fyrst ei tid ein forlagsbokhandel, vart student 1886 og kand. teol. 1892 med *laud.* Same aaret vart han lærar ved ein privat millomskule i Larvik, men i 1893 flutte han attende til Oslo og vart lærar paa Gjertsens skule, i 1894 vart han attat inspektør paa Ragna Nielsens skule s. st. I 1897 vart han stiftskapellan i Haalogaland bispedøme, i 1899 sokneprest til Bjarkøy, i 1903 skpr. til Grong, i 1911 skpr. til Hamarfest, i 1913 provst i Hamarfest provsti og i 1915 sokneprest til Os i Hordaland. Han døydde i 1923.

Daa han hadde vorte prest i Os tok han snart til og lærde seg norsk maal, og sidan heldt han av og til fyredrag og preikor paa norsk. Han vart daa mykje nytta paa stemnor der han heldt norske messor og fyredrag. Og det var ikkje berre kyrkjelyden i Os som syrgde daa han so braatt vart riven burt i sine beste aar. Han døydde i Oslo av hjartelaming.

Nils Kristofer Bøckmann Langvand

vart fødd i Volda paa Sunnmøre 12. juli 1873 av foreldri kyrkjesongar Lars Johannes Langvand (1841—1909) og Rasmine Severine Barstad (1846—1893). Han vart student 1893 og kand. teol. 1901. Han var lærar i aari 1894—97, i 1902 vart han styrar for Sunnfjord ungdomsskule, i 1903 hjelpeprest ved sjømannsmissionen i Leith, i 1906 sokneprest i Frøya og i 1912 sokneprest i Veøy, Romsdalen. Her var han til han døydde i 1916.

Daa Langvand var prest i Veøy preika han sume gonger paa norsk, allvisst ved stemnegudstenestor.

Bispar som talar nynorsk.



Biskop Peter Hognestad

skriv um seg sjølv i boki „Studenterne fra 1886“:

„Eg er ein bondeson fraa Jæren, og kortskalle jamvel, og all mi ætt hev vore jærbuar, so langt som ættarsoga veit. Paa farsida hev ætti site 300 aar paa farsgarden. Fødestaden min er garden Hognestad i Time sokn Lye prestegjeld, og der kom eg til verdi 12.—11. 1866. Far min er gardbrukar Hans Evenson Hognestad, og mor mi Tabitha Pedersdotter, fødd Henriksstad.

Heime hev eg lært aa beda og arbeida; baade far og mor var sers drivande folk. Eg gjætte sauder eller køyrde myk, etter som det høvde, og i slaatten var eg med kvar sumar til langt ut i kandidataari. Med takk og gleda tenkjer eg attende paa den friske arbeidstid. Det var tid nok til barnemoro med aa byggja hus og laga vindmaskinor og kvernkallar og anna, som eg fann paa ilag med brørne mine.

Og so skulen! Det var berre 9 vikor um aaret, og han Ingebret skulemeister var ikkje mykje lærd, men det var utrulegt alt det, han fekk oss til aa læra. I den skulen gjekk eg til konfirmationsaldren.

Eg gjekk og las til konfirmation for Lars Oftedal i Stavanger. Han hjelpte meg sidan til aa koma inn paa Kongsgaard latinskule i Stavanger. Der hadde eg ei stund rektor Steen til lærar i græsk og norsk. Han lyt eg minnast med stor høgvyrdnad.

Ved Kongsgaard-skulen fekk eg eksamen artium (paa latinlina). Examen philosophicum tok eg sumaren 1887 og teologisk embætteseksamen tok eg sumaren 1892.

Millom professorarne vil eg mest takka Fredrik Petersen for den aandelege rettleiding han gav meg i studieaari.

Medan eg var student, tok eg til aa manuducera i hebraisk. Etter embætteseksamen gav eg manuduktion baade i hebraisk og i andre teologiske læreemne, og det heldt eg paa med til sumaren 1895. Vaaren 1895 skreiv eg ei utgreiding til svar paa prisuppgaava: „En fremstilling av de nyere undersøgelser angaaende Mosebøgernes og Josva bogs kilder“, og den utgreidingi fekk krunprinsens gullmedalja. 1892—1895 var eg notarius ved det teologiske fakultet. Vaarsemestret 1892 var eg formann i „Studenternes theologisk forening“, og 1895 formann i „Norske studenters kristelige forening“, den som 1899 vart umlaga til „Norske studenters kristelige forbund“.

I studentersamfundet var eg med den meste tid fraa 1889 til 1892, og eg hev mange hugnadsame minne fraa møti der.

1895—1896 var eg sekretær i Stavanger ynglingeforening. Fraa 1896 var eg lærar ved Notoddens private lærarskule, og fraa hausten 1902 til sumaren 1903 styrar for den same skulen.

I denne tidi arbeidde eg med i ungdomssaki i Telemarki

og 1901—1903 var eg formann for Telemark-krinsen av kristelege ungdomslag.

31. januar 1903 vart eg utnemnd til stiftskapellan i Oslo bispedøme og stod i dette embættet til 1. april 1908. Arbeidet mitt var aa halda gudstenestor paa nynorskt maal i Oslo og elles kringum i landet, serleg ved ungdomsstemnor. Attaat dette heldt eg fyredrag i ungdomslag og ved lærarskeid.

Det var Noregs ungdomslag som hadde bede um ein slik „maalprest", og i 1907 vart det avgjort ved kgl. resolution, at kyrkjedepartementet kunde setja ein stiftskapellan i kvart bispedøme til „maalprest". 1904—1907 var eg med i styret for Noregs ungdomslag.

Fraa 1. april 1908 tok eg imot posten som lærar i dei gamaltestamentlege fag ved Menighedsfakultetet i Oslo. April —august same aar gjorde eg ei studieferd til Tyskland for eit stipendium, som stortinget løyvde. Eg studera serleg ved universitetet i Berlin, men og i Leipzig og Bonn. Mai—august 1910 var eg atter ute paa studieferd, denne gongen til Skottland og England og Tyskland, og det var med stipendium fraa Menighedsfakultetet.

Av literært arbeid kann eg nemna: I kandidataari var eg ein fast bokmeldar i „Vestlandsposten", og eg skreiv ikkje lite i ungdomsbladet „Vaarsol". Sidan hev eg gjeve ut paa prent eit og anna. Fraa 1908 er eg med i bladstyret for „Stille Stunder" og „Norskt barneblad".

I synsmaate er eg maalmann og avhaldsmann og kristen antirationalist, og sumen av mi livsrøynsla er at Gud hev vore god imot meg".

Til dette som var skrive i 1911 maa ein leggja til at han vart verande prestelærar (ved Menighetsfakultet) alt til han i 1916 vart kaara til bisp i Bjørgvin bispedøme.

Biskop Hognestad hev baade som lærar, prest og bisp alltid tala norsk maal. Likeeins nyttar han norsk maal i alt sitt brevskifte og all si styring. *Han er den fyrste norske bispen etter reformasjonen som brukar berre norsk maal.* Si fyrste norske preika heldt han i Timekyrkja paa Jæren 2. aug. 1891, daa han enno var student.

Han hev alltid vore millom dei fremste menner i ungdoms-

og norskdomsarbeid. Som ovanfor er nemnt var han fleire aar med i styret for Noregs ungdomslag, i 1911 vart han ogso med i styret for Norges kristelige ungdomsforbund. Elles var han og nokre aar med i „Nemndi for nynorske gudstenestor" som Noregs ungdomslag fekk i stand og i dei siste aari i ei liknande nemnd i Bjørgvin. I fraahaldsarbeidet er han og med, ofte held han fyredrag paa lærar-stemnor og ungdomstemnor o. s. b.

Biskop Hognestad hev ogso skrive mykje — baade i bok og blad. Han sette um „Tekstbok og altarbok for den norske kyrkja" (1908) og sameleis den store nye „Altarbok" (1920) og „Tekstbok" (1921). Han hev gjeve ut ei heil rekkja med fyredrag og preikor, soleis: „Den norske bonde og kulturen" 1900, „Palmesundag" (Fyrste nynorske preika i Oslo) 1901, „Evangelisk salmesong 1904, „Den eldre og den nyare læra um daap og nattverd" 1906, „Meiningar um Jesus" 1907, „Ævelegt liv" 1907, „Ungdomssak og avhaldssak" 1908, „Ver heilag" 1913, „Daapskristendom og vekkjingskristendom" 1918, „Kristendomsupplæringi i folkeskulen" 1923 o. m. fl. Av større bøker kann nemnast „Det gamle testamentet og bibelsoga" 1912, „Kristendom og folkeliv" 1913, „Preikaren. Ei bok um bjartsyn og svartsyn paa livet" 1915. So hev han samla og gjeve ut „Gud er attaat. Norsk preikesamling av norske prestar og teologar" 1914. I denne boki hev han skrive ei lang innleiding, „Soga um norsk kyrkjemaal", og so hev han teke med bilæte og stutte livssogor av deim som hev preikor i boki. Det vart daa ei framsyning av dei fleste norsk-talande eller norskskrivande prestar den gongen.

Attaat alt dette hev han skrive ikkje so lite i fleire blad, soleis i „Stille Stunder", der han enno er med i bladstyret.

Eit stort arbeid gjorde han med gjenomsynet av den nynorske bibelen. Han gjekk igjenom heile bibelen og førde alt yver til sams rettskriving og finpussa dei ymse umsetjingar.

Saman med bispen Støylen og presten Anders Hovden arbeider han no med aa faa istand ei heilnorsk salmebok.

Gift 1895 med Gabrielle Dorthea Aasland f. 5. mars 1872, dotter av bonde Kristofer Aasland (1824 –88) og Marta Marie Ingebrigtsdtr. Mossige (f. 1840).



Biskop Bernt Andreas Støylen

er fødd 17. februar 1858 i Sande paa Sunnmøre. Foreldri hans var bonden Andreas Støylen og Margrete Helgesdotter. Han gjekk paa folkeskulen til han vart konfirmera. Som andre gutar der u.e paa øyarne rodde han so vinterfiskja i open baat paa Sunnmørshavet. Men snart etter kom han paa lærarskulen i Volda og var so lærar ei liti stund. Sidan las han til artium i ein privatskule i Hardanger. Her kom han inn i ei sterk kristeleg rørsla, som gav nøring til heile utviklingi hans sidan.

Han vart student i 1879 og fekk mange gode vener millom studentane. Millom desse kann ogso nemnast Anders Hovden og Per Sivle. Mest verd for aandsutviklingi hans i

studietidi fekk skrifterne av Søren Kierkegaard og ymse tyske og engelske teologar. Han var i denne tidi mykje med i sundagsskule-, indremissions- og fraahaldsarbeid. Med dette heldt han uppe sambandet med folket og dei kristelege verksemder millom folket. Han hadde i studietidi timar paa ymse skular i Oslo og desutan gav han privat upplæring i gamalnorsk, hebraisk og dogmatik.

I 1885 tok han teologisk embætteseksamen med laud. Straks etter gjorde han ei ferd til det heilage landet, og paa heimvegen stana han ei stund i England og granska det kyrkjelege arbeidet der. Daa han kom heim att tok han prakt. teol. eks. og var so eit halvt aar lærar ved Akershus landsfengsel. I 1887 vart han reisesekretær for indremissionen og gjorde no ei talarferd fraa Nordfjord til Finnmarki. I denne tidi heldt han og sine fyrste preikor paa nynorsk i ymse kyrkjor paa Sunnmøre. Daa han var ferdug med denne ferdi s. a. vart han personell kapellan hjaa sokneprest Eckhoff i Bjørgvin. I aari 1890—95 var han sjømannsprest i Cardiff; men her helsesleit han seg so han ei stund heldt seg i Sud-Afrika for aa vinna helsebot. Hausten 1895 vart han so kalla heim til aa styra Notodden lærarskule, og her vart han i sju aar.

I 1902 vart han sett til styrar for det praktisk teologiske seminar ved Universitetet og professor i praktisk teologi. Dette embættet hadde han til han i 1914 vart kaara til bisp i Agder bispedøme (daa Kristiansands stift).

Biskop Støylen hev vore ein av dei fremste i fraahaldsarbeidet i Noreg. Han hev soleis i 20 aar vore med i styret for Det norske totalistlaget og i 15 aar vore varaformann i denne samskipnaden. Han var ogso med og skipa Norges studerende ungdoms avholdsforbund (N. S. U. A.) i 1883. I maalarbeidet hev han og vore med, soleis var han i fleire aar formann i „Nemndi for nynorske gudstenestor". Desutan hev han vore formann i Kristiania indremission, i Kristiania presteforening o. fl.

Støylen hev skrive fleire bøker. Paa nynorsk hev han soleis gjeve ut ei samling „Norske barnerim og leikar" (1899), ei livsskildring av Berte Kanutte Aarflot (1893), den merkelege bondekona paa Sunnmøre som var salmediktar, nokre fyre-

drag, „Uppdragingi“ (1904) og ei „Songbok for sundagsskule og uppbyggjingsmøte“ (1907). Han er ogso salmediktar og gav i 1920 ut ei samling „Salmar og aandelege songar“. Som fyrr nemnt er han no med i den nemndi som arbeider med ei nynorsk salmebok.

Daa Støylen vart bisp sette han seg fyre at han vilde bruka nynorsk preike- og talemaal i alle bygder der norsk maal er innført i skule eller kyrkja, men bruka norskdansk der dette enno er hovudmaalet. Soleis gjer han framleides.

I 1890 vart han gift med Kamilla Karoline Heiberg f. 13. jan. 1869, dotter av kaupmann Andr. S. Heiberg (1820—1876) og Else Faye.

Prestar som alltid preikar paa nynorsk.

(Ordna etter aldren).



Peder Tobias Eiesland

er fødd i Fjotland i Vest-Agder 16. desbr. 1840. Foreldri hans var bonde Gunnulv Nilson Eiesland (1804—55) og Torborg Pedersdotter Lindeland (1802—77). Han gjekk i 1860 ut fraa Holt seminar og vart same aaret lærar i heimbygdi, vart i 1861 lærar ved Dahls skule i Grømstad og fraa 1862 lærar ved ymse skular i Oslo. Gjekk paa Heltbergs latinskule og vart student i 1870, vart kand. teol. i 1877. I 1879 vart han vigd til prest og vart pers. kap. hjaa presten Blessing ved Stavanger domkyrkja. Dette embættet styrde han mest aaleine i vel 3 aar. Vart so sokneprest i heimbygdi, Fjotland i 1886 og var der alt til han fraa jonsok 1900 vart sokneprest paa Voss. Han vart vald til provst i Hardanger og Voss provsti i 1915 og søkte avskil i 1918.

Eiesland hev i mest 40 aar vore fraahaldsmann og hev stade fremst i fraahaldsarbeidet. Fraa 1902 og heilt til han flutte fraa bygdi var han formann i Voss avholdslag. Og i folkeavrøystingsaaret 1919 daa han var fri presteyrket, gjorde han ei talarferd alt upp til Nordland og tala fraahaldssak. Han var daa ein mann paa 78 aar. Snart etter flutte han heim til Fjotland. Her var det no prestelaust, og so tok han paa seg aa styra dette prestekallet, det han enno gjer. Med sine 83 aar stend han no som prest i ei fjellbygd med anneksreisor paa fleire mil.

Eiesland hev og vore mykje med i det politiske livet og var stortingsmann fraa Vest-Agder (daa Lister og Mandals amt) i aari 1889—91 og 1895—1900.

Han vart gift i 1896 med Elise Steen f. 2. april 1860, dotter av statsminister Johannes Steen (1827—1906) og Elise Stoltenberg (1826—96).

Fyrste preika han heldt paa nynorsk var joledagspreika 1908. Etter den norske liturgien vart innført paa Voss i 1913 preika han berre paa norsk.

Jakob Kornbrekke

skriv i 1914: Eg er fødd 17. januar 1850 paa Kornbrekke i Høvaag prestegield av gardbrukar Knut Jakobson og kona Anne Marie Kristensdotter, som døydde 1863. Far døydde 1882. Hausten 1871 kom eg inn paa Heltberg og Arnebergs latinskule i Oslo, fekk artium 1874 og 2. eksamen 1875. Sumaren 1860 gjætte eg buskapen heime og var seinare hjuring i fleire aar, hjelpte elles til med gardsarbeidet. Det var den gong berre umgangsskule i heimbygdi nokre faa vikor um aaret, og læraren hadde ikkje vore paa nokon lærarskule. Dei seinste aari eg var heime, fekk eg noko privatundervisning av sokneprest Christensen og fruva hans; men eg hadde yver ei mil aa ganga til prestegarden. — Far hjelpte meg med pengar fram til artium; men sidan maatte eg greida meg sjølv. Ved aa undervisa serleg i matematik tente eg so vidt eg kunde halda meg ved Universitetet. Men dette hindra meg mykje, so eg fyrst vaaren 1883 vart teologisk kandidat. I februar 1884 vart eg ferdug med den praktiske prøva og arbeidde so noko yver eit aar i Kristiania indremission; men sjukdom tvinga meg til aa slutta med dette arbeidet. I 3 aar kunde eg lite og inkji gjera. Hausten 1888 vart eg personellkappellan i Stokke i Vestfold. I mars 1894 vart eg utnemd til sokneprest i Vinje, Telemark, vart i 1911 valdt til provst. 1894 gift med Gustava Arnesen fraa Alvøy ved Bergen.

Provst Kornbrekke søkte avskil i 1920. Han flutte daa til Sørlandet. Sidan hev han styrt ledige prestekall. No styrer han soleis Froland ved Arendal.

Han heldt si fyrste preika paa nynorsk i Neslandskyrkja i Vinje i 1897. Den 17de mai 1899 heldt han ei av dei fyrste heilnorskt gudstenestor i landet, og gjekk snart yver til aa nytta norsk maal i alle preikor.

I det politiske arbeid hev han og vore ikkje lite med; han var soleis lenge formann for vinstresamskipnaden i Telemark. I striden um dei store vassdragsreguleringar i Vest-Telemark skreiv han eit langt innlegg for bygdebaten. Det vart prenta som tillegg til Stortingsdokument nr. 2, 1911.



Torleif Homme

er fødd 17. august 1852 i Valle, Sætesdal. Foreldre: Olav O. Homme og Aase Aasmundsdotter, baae var gardmannsborn og faren hadde sjølv gard for det fyrste, men gjekk fraa garden av upraktisk styr og stell. Torleif kom like etter konfirmasjonen til skyldingen sin Aasmund Nordgaard som var klokkar i Flatdal i Telemarki; der var han gardsdreng i tri aar, 1858—71. Denne klokkargarden var den tid som ein midstad for norskdomsrørsla i Telemarki. Her kom han saman med brørne Jørund og Sigurd Telnes o. fl. gilde norskdomsmenner og dette vart avgjerande for Homme i den leidi. So var han tvo aar paa lærarskulen i Kvitseid i Telemark, der han fekk eksamen med sermerknaden: „Berettiger til fortrinlige forhaabninger". Reiste so same vaaren, 1873, til Amerika der han um hausten kom inn paa Luther College i Decorah, Jowa. I fem aar stod han ut seksaarslæra der og vart student i 1878. Tok so prestelærarskeidet paa tri aar ved Luther Seminary, Madison, Wisconsin. Fraa 1881 til 1887 var han so: student eitt aar ved statsuniversitetet i same byen, eit aar lærar paa Luther College, eit aar lærar paa ein engelsk-amerikansk ungdomsskule, tvo aar huslærar hjaa tvo norske

prestar, og ein vinter vikar for ein norsk prest. Av Luther College fekk han magistergraden for nokre serstudier. I 1887 reiste han heim att til Norig og studerte tri aar ved universitetet i Oslo, tok norsk studenteks. i 1888 og teologisk embætteseks. i 90. Fraa 1891 til 1908 var han amtskulestyrar i Aust-Agder og fraa 1908—13 sokneprest i Røldal. Han fekk avskil „i naade" i 1913, daa han vilde driva med granskararbeid. Han er ugift.

Homme hev skrive sers mykje i blad og tidsskrift og gjeve ut mange bøker og smaaskrifter um religiøse og historiske emne og um kunst. Av bøkerne hans kann nemnast: „Ymse bibelske utgreiingar" (1896), „Loge og liv" (1898), „Kunsti kva og kvi" (1902), „Historisk kristentru" (1904), „Kristenlæra" (1909), „Norsk folkelagnad gjenom 3—4,000 aar" (1916), „Skapingssogune, Siflodskildringar" (1921), „Kva er undersansing og telepati" (1920).

Johannes Andreas Barstad

er fødd i Volda paa Sunnmøre 7. april 1857. Foreldri hans var bonde Lars Elias Barstad (1815—95) og Elisabet Rasmusdotter Aarflot (1818—86). Han gjekk i 1871—73 paa Volda høgre aalmuge- og lærarskule, las so privat med styraren der den seinare bispen Bøckmann eit par aar, kom so inn paa Maribugata skule i Oslo og vart student i 1877. I 1877—78 var han huslærar paa Aas, i 1880—81 dreiv han privat millomskule og las med borni til provst Gleditsch i Volda. Daa han hadde teke teologisk embætteseks. i 1883 vart han lærar paa eit par privatskular i Stavanger. I 1886 vart han kallskapellan i Volda, i 1896 vart han kst. sokneprest der og i 1900 fast utnemnt i dette embættet, i 1905 vart han vald til provst for Søre Sunnmøre provsti. Hausten 1918 vart han utnemnd til sokneprest paa Voss og tok imot dette embættet ved nyaar 1919.

Barstad heldt ei nynorsk gudstenesta i Oslo i 1901, og

heldt siden ei og onnor norsk preika i Volda til han i 1907 gjekk yver til aa preika berre paa nynorsk. Han fekk i 1900 skipa Prestemaallaget og var formann i det so lenge det var til. I lang tid var han formann i Volda skulestyre og fatigstyre. Var med i den departementale salmeboknemndi.

I 1889 tok Barstad til aa gjeva ut det vesle kristelege norsk-maalsbladet „Stille Stunder". Dette hev han styrt og gjeve ut heile tidi sidan — i snart 35 aar. I dette hev han frametter aari prenta mange salmar han sjølv hev dikta. Sume av desse hev han seinare gjeve ut i bøker: „Kvæde" (1904) og „Klokkeljod" (1914). Elles hev han gjeve ut „Kristeleg aarbok" (1910), „Kristendomsupplæringi" (1910), „Evangeliet etter Markus. Praktisk tolka for skule og heim" (1914) og no iaar (1923) fyrste samling kristelege barnesogor „Vesle Øyvind songar og nokre andre sogor". Det kjem tvo samlingar til.

Han vart gift fyrste gong i 1886 med Ragnhild Ommunda Salvesen f. 12. juni 1856, død 1902, dotter av kjøpm. Gunnar Salvesen og Magdalena Hærem. Andre gong mod Eleonora Bentzen f. 1. aug. 1881, dotter av stadsfysikus Gotfred Bentzen og fyrste kona Rakel Skarsteen.



Ivar Mortensson Egnund

er fødd i Alvdal, Øysterdalen 24. juli 1857. Foreldri hans var bonde Morten Mortensen og Anna Tangen. Daa han var 11 aar gamall kom han inn paa Aars og Voss latinskule i Oslo og vart student i 1875, kand. teol. 1883. I aari 1883—89 var han bladstyrar for „Fedraheimen", og i 1886—87 ogso lærar paa Ullmanns folkehøgskule i Seljord. Etter han hadde slutta med „Fedraheimen" reiste han mykje rundt i landet og heldt fyredrag. I 1893 tok han farsgarden Einabu i Folldalen og dreiv denne til i 1908. I aari 1901—03 var han paa ferd i Danmark, Tyskland og Italia med statens forfattarstipend. I 1909 tok han praktisk teologisk eksamen og vart same aaret

stiftskapellan i Hamar bispedøme, i 1910 sokneprest til Fyresdal i Telemark, i 1914 ungdomsprest (stiftskapellan) i Oslo bispedøme, i 1916 sokneprest til Løten paa Heidmark.

Fraa dette siste embættet tok han avskil vaaren 1919 daa han vart sett til aa arbeida med ei vitskapleg umskrift av bibelske skrifter (det gamle testamente) paa nynorsk. Han driv med dei poetiske bøkerne, medan prof. Seippel held fram med dei historiske. Noko av det Mortensson Egnund hev sett um er kome med i Studentmaallaget si bibelutgaava, profeten Joel og Høgsongen hev desutan vore prenta i Syn og segn.

Alt til 1920 skreiv han seg Ivar Mortensson og hev under dette namnet gjeve ut ei heil rekkja med bøker, baade diktverk og granskararbeid. Me nemner diktbøkerne „Paa ymse gjerdom" (1889) og „Or duldo" (1895), „Runir" (1908), skodespeli „Varg i Veum" (1901), „Hugleik" (1902), „Skogtroll" (1906) og „Valund" (1920), av granskararbeid: „Arne Garborg" (1897), „Bondeskipnad i Norig" (1904) og „Nyklar" (1922). Forteljingsbøkerne „Svall" (1898) og „Ein frikar" (1905) og preikeboki „Sundagstankar" (1915) maa og nemnast. Desutan hev han sett um fraa gamalnorsk „Eddakvæde" som kom ut i tvo band (1905 og 1908).

Han vart gift i 1894 med Karen Nilssen f. 9. april 1866, dotter av telegrafstyrar Chr. L. Nilssen og Josine (Sina) Ingvardsen.

Han hev alltid preika paa nynorsk. Fyrste preika (i kyrkja) heldt han i Folldalskyrkja i 1887; men prest vart han altso fyrst i 1909.



Anders Hovden

er fødd i Ørsta paa Sunnmøre 13. april 1860. Foreldre: bonde Karl Ingebrigt Hovden (1815—77) og Johanna Velle (1818—98). Han kom paa lærarskulen i Volda daa han var 15 aar gamall, men laut slutta der daa faren døydde braatt, og han laut taka fiskjeromet hans. Anders var einaste sonen og skulde teke garden; men daa han ikkje hadde pengar til det, vilde han freista lukka

paa andre vegar. Han drog til Oslo og vilde lesa til prest. Den store sambygdingen hans, Ivar Aasen hjelpte honom noko, og elles sleit han seg fram so godt han kunde, vart student i 1881 og kand. teol. i 1886. So var han nokre aar lærar til han i 1891 vart kallskap. paa Lista. I 1902 vart han res. kap. til Sigdal i Buskerud, i 1909 sokneprest til Melhus i Trøndelag og i 1920 sokneprest til Øystre Toten. Han hev nytta berre norsk maal fraa fyrste stund baade i tale og skrift, og i mange aar var han den einaste presten som nytta berre nynorsk i alle preikor.

Som alle veit er Hovden ein vidgjeten bokskrivar og salmeskald. Han hev gjeve ut ei lang rad diktbøker: „Sunnmøringen" (1894), „Sviv" (1895), „Heimhug" (1896), „Tungalda" (1898), „Ein bautastein" (1903), „Solhov" (1907), „Utpaa djupi" (1909), „Paa trollstilt fela" (1911), „Paa fallreipe" (1917) o. fl., forteljingsbøker: „Odd" (1896), „Hardhausar (1898), „Bonden" (1900), „Fiskaren" (1904), „Gate og grend" (1905), „Stormfugl" (1906), „Liv og lagnad" (1908), „Have der vest" (1912) og „Rudningsmenn" (1919) o. fl., preikebøkerne „Heim og hamn" (I 1898, II 1902) og salmesamlingarne: „Salme og song" (1905), „Vert ljos" (1914) og „Salmar" (1920).

Hovden var med i den nemndi som kyrkjedepartementet sette til aa saumfara Gustav Jensens umarbeiding av Landstads salmebok, og no er han med i nemndi som skal arbeida ut ei heilnorsk kyrkjesalmebok.

Anders Hovden hev vore mykje med i ungdomsarbeidet. Um sumrane hev han reist rundt paa stemnor og halde nynorske gudstenestor og ungdomsfyredrag. I 1921 vart han gjort til heiderslagsmann i Noregs ungdomslag.

Han vart gift fyrste gong i 1891 med Lina Marie Devold f. 2. aug. 1865 d. 8. juli 1896, dotter av fabrikeigar O. A. Devold (1827—92) og Andrea Landmark (1823—72).

Andre gong 1898 med Kari Huglen f. 5. mars 1879, dotter av klokkar Hans Huglen (f. 1850) og Johanne Totland (1848—07).



Ludvig Olai Theodor Solheim er fødd paa Stord 5. sept. 1860. Foreldre: Arbeidsformann Rasmus Solheim (1831—1913) og Abigael Birkeland (f. 1837). Foreldri flutte til Stavanger daa Ludvig var $^1/_2$ aar gamall og her vaks han upp og gjekk paa skule, vart student 1881, kand. teol. 1890 og tok praktikum 1881. Han var so pers. kap. i Torvastad paa Karmøyi 1891—93, var so ledig og styrde prestekall i Kinn, Gulen, Hyllestad, Hetland, Manger, Sund, Skodje og Volda. Paa den siste staden var han $2^1/_2$ aar, vart so residerande kapellan i Førde i Sunnfjord i 1899, soknepresti til Jelsa i Ryfylke 1905, til Bud i Romsdalen 1912 og til Koparvik i 1917.

Solheim vart tidleg maalmann, og han hev havt sers hug til aa setja seg inn i og granska norske maalføre. Allstad der han hev kome som prest hev han teke seg fyre og sett seg inn i maalføret i bygdi so han kunde tala med soknefolket paa deira eige maal. I Volda (1896—99) tok han ogso til aa bruka nynorsk i samlingar likferder o. s. b. Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Haukedalen kapel, Førde i Sunnfjord i aaret 1900.

Sidan fleire gonger. I Jelsa preika han fyrst paa norsk-dansk til han hadde sett seg inn i bygdemaalet, sidan berre paa norsk, sameleis i Bud. I Koparvik hev han bruka berre norsk fraa fyrste stund.

Han hev halde mange gudstenestor og fyredrag paa ungdomsstemnor i fleire bygder i Sunnfjord og Ryfylke Han hev gjort den røynsla at ein kann naa best inn paa hjartebotnen hjaa folk naar ein brukar deira eige maal.

Som ein skynar bur det ikkje so lite av ein maalgranskar i Solheim. Han hev daa ogso ferdugt eit skrift um Stavangermaalet og elles hev han nok andre ting i emning.

Gift 1894 med Hanna Andrea Enoksen f. 13. des. 1870, dotter av skipsførar Enok Enoksen (1838—77) og Inger Søyland (1840—79).



Torleiv Farnes

er fødd i Aardal i Sogn 12. desember 1866 Foreldre: Bonde Ola T. Hestetun (f. 1843) og Barbra Klingenberg (1841—1902). Han kom paa Sogndals folkehøgskule i 1883, sidan til Hambro skule i Bjørgvin og vart student i 1886. So bar det til universitetet der han tok andreeks. 1888, teol. embætteseks. 1892 og praktikum 1893. Lærar ved Kristiania opfostringshus 1893—94, arbeidde i sjømannsmissionen i Genua i Italia 1894—98, sekretær for Trondhjems ynglingeforening og vikar ved kathedralskulen der 1898—99, hjelpesekretær i Sjømenns kristl. forening og medarbeider i bladet „Signal" 1899—01, kst. sokneprest i Lavik 1901—03, stiftskap. i Oslo bispedøme 1903—07, sokneprest i Stryn 1907—16, i Strandebarm sidan 1916.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Stryn i 1910. I Strandebarm brukar han berre norsk i alle preikor.

Sokneprest Farnes hev vore mykje med i fraahaldsarbeidet. Han er no storkapellan i Noregs storlosje av I. O. G. T. og han møtte som utsending for N. storlosje paa den 17de internationale antialkoholkongress i Kjøbenhavn 1923.

Gift 1903 med Ingebjørg Kindem f. 14. mai 1883, dotter av direktør Lars Kindem (f. 1856) og Anna Dugstad (f. 1861).



Ivar Olaus Birkeland Aartun

er fødd i Sauda i Ryfylke 18. desember 1867. Foreldre: Kaupmann Ivar Birkeland (1836—1904) og Marta Aartun (f. 1840). Han gjekk folkeskulen i Sauda til han var $11^1/_2$ aar, kom i 1879 inn paa latinskulen i Stavanger. Student 1887, kand. teol. 1893, praktikum 1894. Dreiv ungdomsarbeid og var huslærar til 1896, lærar ved Volda lærarskule 1896—99, sekretær i Buskerud krins av

kristl. ungdomsforeiningar 1899—1900, studieferd til Tyskland 1900, arbeidar i Kr.ania indremission 1901, lærar ved Notodden lærarskule 1902—06, sokneprest til Bygland 1906—16, sokneprest i Nedstrand i Ryfylke s. 1916.

Han hev brukt berre nynorsk maal i alle sine preikor og talar etter han vart prest. Han fekk skipa mallaget „Ivar Aasen" ved Volda lærarskule og var formann der 1898—99, formann i kristl. ungdomslag i Sauda og Bygland, form. i skulestyre i Bygland og Nedstrand.

Gift 1904 med Gea Paulsgaard f. 1. novbr. 1876, dotter av lærar og bonde John Eisteinsen Paulsgaard (1825—1908) og Ingeborg Paulsgaard (f. 1830).

Bernt Theodor Anker

er fødd i Oslo 7. mars 1867; men vaks upp i Bjørgvin og Risør. Foreldre: Tollkasserar Morten Ulrik Anker (1838—1922) og Louise Wessel-Berg (1841—1917). Han vart student i 1884 og kand. teol. 1890, kordekn i Arendal 1890—93, kst. sokneprest i Laardal 1893, samleis i Søndeled 1894, kallskap. i Kvitseid 1894—96, sokneprest i Laardal 1896—1901, lærar paa Framnes ungdomsskule i Hardanger 1901—02, lærar paa Voss folkehøgskule 1902—08, stiftskap. (ungdomsprest) i Oslo bispedøme 1908—14, sokneprest i Ullensvang, Hardanger sidan 1914, provst i Hardanger og Voss provsti s. 1919. Han er samstundes timelærar paa Hardanger folkehøgskule.

Anker var maalmann heilt fraa barneaari, han hadde det nok fraa faren som ogso var heilhuga norskdomsmann. Alt den tid han gjekk paa gymnaset i Drammen skreiv han paa nynorsk i det handskrivne bladet og heldt fyredrag um maalsaki. Daa han vart prest i Telemarki i 1893, tok han snart til aa bruka telemaal i samtale med konfirmantane og elles. Den 17de mai 1899 heldt han si fyrste heilnorske gudstenesta i Laardalskyrkja (Nordlid i Seljord og Kornbrekke i Vinje gjorde sameleis same dagen, det var dei fyrste fullnorske guds-

tenestor i landet). Han gjekk i 1901 yver til aa bruka norsk i alle preikor og hev sidan 1908 ikkje nytta anna maal — i tale eller skrift. Den tid han var høgskulelærar paa Voss reiste han rundt um sumrane og heldt nynorske messor heile landet rundt alt til russegrensa. Alt i alt hev han halde norsk messa i meir enn 1 000 av dei kring 1 200 kyrkjorne i landet.

Anker hev gjeve ut mange fyredrag og preikor paa prent, soleis „Elskhug og giftarmaal" (1907), „Den norske folkekyrkja" (1907), „Aandsmagti i Blixsalmarne" (1909), „Kristendomskunnskapen i det tjugande aarhundradet" (1911), „Kva krev vaar tid av ungdomen?" (1913), „Ljos og varme i kristendomen. Sju preikor for norsk ungdom" (1913), „Salmebokutkastet av Gustav Jensen" (1915) o. fl.

Gift 1892 med Wilhelmine Bjelke f. 19. april 1869, dotter av skipskapt. Cornelius Bjelke (1839—86) og Ingeborg Kathrine Thiis (f. 1841).

Rasmus Haugsøen

er fødd i Masfjorden 22. mars 1867. Foreldre: Bonde Ola Haugsøy (1822—1908) og Guri Spangelo (f. 1835). Han vart student i 1888 og kand. teol. 1895. Same aaret vart han lærar ved Hambro skule i Bjørgvin, i 1898—99 sekretær i Bergens ynglingeforening, 1899—1903 prest for jarnvegsarbeidarane paa bergensbana (Voss—Taugevand), 1903 soknepresti Solund, 1907 stiftskap. (ungdomsprest) i Bjørgvin bispedøme. Hev sidan reist rundt heile Vestlandet og halde messor i kyrkjorne og fyredrag i ungdomslagi. Han bur i Bjørgvin og naar han ikkje er ute paa ferd held han gjerne norsk messe i ei av kyrkjorne der. Alt sumaren 1900 heldt han preika paa nynorsk i Stedjekyrkja i Sogndal i Sogn under ungdomsstemna der, og daa han var soknepresti Solund (daa Sulen), gjekk han heilt yver til norsken. Han er no formann i Vestmannalaget i Bjørgvin.

Gift 1899 med Georgine Kristine Grung f. 13. juli 1869, dotter av kaupmann Edv. Grung (1839—1912) og Karen Holck Døcher (f. 1842).



Niels Wiig

er fødd i Bjørgvin 1. mars 1868. Foreldre: Grosserar Gustav F. J. Wiig (1827—95) og Wilhelmine Balchen Martens (1844 - 1918). Han vart student i 1886, tok andreeks. og eks. i hebraisk 1887, vart so sjuk og maatte halda upp med studiet i 9—10 aar. Arbeidde ei stund i Kr.ania indremisson, var fraa 1893 - 97 diakon ved Det norske diakonhjem. Tok telogisk embætteseksamen 1899 og praktikum same aaret. Reiste i 1900 til Madagaskar og var missionsprest i Bara i 4 aar; men laut i 1905 heim att. Fraa 5. mars 1907 styrde han ledige prestekall i Bjørgvin bispedøme, so stiftskap. der til han i 1910 vart sogneprest til Ulstein paa Sunnmøre, i 1916 sokneprest til Balestrand og dei siste tvo aar ogso provst i Ytre Sogn. Han skriv:

„Maalmann vart eg paa denne maaten: Straks eg i 1907 fekk presteteneste heime — det var i Evanger — laut eg studera Ivar Aasens ordbok so eg kunde læra skyna folket heilt ut. Likeeins studerte eg sume av dei beste landsmaalsbøker. Stilen i maalbøkerne og klangen i maalet tok meg — og eg fekk vyrdnad for mange ord og vendingar som me born brukte paa gata i Bergen og oss imillom, men som var forbodne i heimen og skulen. Eg kjende alt daa at landsmaalet hadde vore det rette maalet for meg personleg dersom eg hadde høyrt det i min umgangskrins. Og Aasens ordbok lærde meg at norsken er eit folkemaal og ikkje berre bygdemaal".

I Balestrand tok han snart til aa bruka norsken i samrødor. I 1916 var han paa norskmaalskurset for prestar paa Voss. „Fyrste norske preik heldt eg i Vangsnes kyrkja 11. mars 1917 og sidan har eg aldri preika paa anna maal; 1. april heldt eg ein skriftetale paa riksmaal; men tankane kom jamt paa landsmaal so eg laut setja um — og dermed var det sjølvsagt slutt med riksmaalet i kyrkja og større møte"

Gift 1909 med Elise Alsaker f. 21. februar 1888, dotter av kyrkjesongar Ole Alsaker (f. 1842) og Karen Warloe (f. 1847).

Halvard Kvamsdal

er fødd i Masfjorden 8. juli 1872. Foreldre: Bonde Johannes Arveson Kvamsdal (f. 1848) og Oline Molland (f. 1846). Sogndals folkehøgsk. 1888 - 89, Garnes folkehøgsk. 1889 - 90, student fraa Hambro skule, Bjørgvin 1894, lærar ved ymse skular, andreeks. 1900, kand. teol. 1906, praktikum 1907. Same aar stiftskap. i Agder bispedøme og styrde daa presteembætte mange stader, var i Haugesund 2 aar, (1909—10) i Skjold 2 aar (1912—13), 22. okt. 1913 utn. til soknеprest i Eid i Romsdal, 1922 sokreprest til Evje, Sætesdal.

Fyrste preika paa nynorsk i Haugesund 17de mai 1909 I Eid preika han fyrst av og til paa norsk, men gjekk heilt yver etter den nynorske liturgien var innført i tvo sokner. Sidan hev han alltid preika paa norsk.

Gift 1907 med Brita Hauge f. 26. febr. 1872, dotter av bonde Lars Hauge (f. 1834) og Guro Øvsthus (f. 1835).

Jakob Hveding Sletten

er fødd i Høyland paa Jæren 4. desember 1872. Foreldre: Kyrkjesongar Johannes Sletten (1835—92) og Dorthea Sætre (f. 1842). Student 1895, kand. teol. 1901, praktikum 1902. Same aaret pers. kap. hjaa soknepresten i Stavanger domkyrkje, stiftskap. i Nidaros bispedøme 1905, soknеprest til Vestnes, Romsdalen 1909, avskil med vartpengar for skuld sjukdom fraa 1, jan. 1914. Flutte so til Oslo og i 1916 vart han kst. ung-

domsprest i Oslo bispedøme til aa halda nynorske gudstenestor i hovudstaden, i 1922 fast utn. i dette embættet.

Han heldt nynorsk gudstenest under ungdomsstemna i Ullensvang i Hardanger sumaren 1904, og i den tid han var stiftskapellan i Nidaros bispedøme reiste han ofte rundt og heldt nynorske gudstenestor og fyredrag — etter uppdrag fraa bispen Wexelsen. Etter han vart ungdomsprest hev han preika berre paa norsk.

Jakob Sletten er ogso tonediktar (komponist), han hev laga og harmonisera tonar til ei mengd med salmar og songar. I 1922 sende han ut 37 av dei i eit hefte: „Religiøs tonesamling" 1. hefte.

Gift 1902 med Aagot Hansen f. 6. jan. 1873, død 6. jan. 1912, dotter av agent Daniel Hansen (1825—81) og Eleonora Feilberg (1833—83).

Fredrik Grønningsæter

er fødd i Norddal paa Sunnmør 8. sept. 1874. Foreldre: Utskiftningsform. Arne Grønningsæter (f. 1834) og Berte Frøland (f. 1844). Student 1894, lærar i Aalesund 1894—95 og noko av 97, kand. teol. 1901, praktikum 1902. Same aaret pers. kap. i Ullensvang, Hardanger, stiftskap. i Bergens bispedøme 1910, soknepresti til Fjaler, Sunnfjord 1912 og til Stranda, Sunnmøre 1919.

I Fjaler heldt han sume preikor paa nynorsk, i Stranda heldt han fyrst onnor kvar preika paa norsk, men nyttar no norsk i umlag alle preikor.

Gift 1912 med Katharina Ottesen f. 20. juli 1881, dotter av provst Immanuel Ottesen (f. 1834) og Karen Essendrop (f. 1844).



Olav Heldal

er fødd i Drangedal 25. august 1877. Foreldre: Bonde Berulf Heldal (f. 1848) og Karen Andrea Olsdotter (1855—1911). Lærareks. paa Notodden 1897, lærar i Flaabygd vinteren 1897—98, student 1900, andreeks. 1901, kand. teol. 1905, var so heime i $1^1/_2$ aar og dreiv med gardsarbeid, praktikum 1907. Fraa mars 1908 til okt. 1909 pers. kap. hjaa presten N. C. Anker i Øyestad, stiftskap. i Agder bispedøme 1909—11, sokneprest til Skaanevik 1911 og til Drangedal 1919.

Daa han var stiftskap. og styrde Vinje og Rauland soknekall eit bil i 1910 og 11 preika han paa nynorsk der, og etter han vart prest i heimbygdi hev han alltid nytta heimemaalet sitt.

Gift 1911 med Anna Marie Helgesen f. 22. juni 1885, dotter av lensmann Haldor Helgesen (f. 1854) og Therese Hansen (f. 1852).



Nils Trædal

er fødd i Sunndal paa Nordmøre 29. novbr. 1879. Foreldre: Bonde Ole Nilsen Trædal (f. 1853) og Synnøve Haaven (1853—1917). Gjekk amtskule 1896—97, millomskuleeks. paa eit aar, Volda 1900, student 1902, andreeks. 1903, kand. teol. 1910, praktikum 1910, var privatlærar 2—3 aar i studietidi, stiftskap. i Nidaros bispedøme febr.—desbr. 1911, sokneprest til Kolvereid 1912, kst. provst i Ytre Namdalen 1918, sokneprest til Aukra 1923.

Han hev alltid brukt berre nynorsk i tale og skrift. Var i 1909 formann i Studentmaallaget i Oslo. I Kolvereid var han ordførar i heradstyret fraa 1913, form. i skulestyre, næringsnemnd, folkeboksamling o. s. b. Med i styret for Namdals krins av Norges bondelag.

Gift 1918 med Gunda Amalie Ruth Holm f. 30. juli 1897, dotter av handelsmann Ole Holm (f. 1869) og Marie Ullberg (f. 1874).



Jon Mannsaaker

er fødd i Ullensvang 28. sept. 1880. Foreldre: byggmeister Jørund Mannsaaker (d 1890) og Marta Haustveit (d. 1885). Gjekk Ullensvang folkehøgsk. 1897—98, lærareks. Stord 1901, lærar i Haus 1901, Kvinnherad 1902, Ullensvang 1902—03, student fraa Hambro skule 1905, lærar paa „Det norske diakonhjem" i Oslo 1906—08, kand. teol. 1911, praktikum 1912. Styrar av Hardanger folkehøgskule, som han skipa, sidan 1912. Vart same aaret prestevigd og heldt mange stemnegudstenestor, kst. soknеprest til Ullensvang vinteren 1913—14, hjelpeprest i Ullensvang s. 1915.

Han hev alltid nytta nynorsk i skrift og tale. Hev vore mykje med i fraahalds- og ungdomsarbeid. Form. i mange lag og samskipnader m. a. Studentmaallaget i Oslo og Hardanger ungdomslag. Paa prent hev han gjeve ut fyredraget „Ungdom og moralsk kraft" (1910), stykke i bokverki „Vore høvdinger" og „Norges folk og Norges kirke" o. fl.

Gift 1912 med Anna Erika Stueland f. 22. juni 1881, dotter av missionsprest Lars Stueland (f. 1843) og Berit Dahle (f. 1848).

Søren Seland

er fødd i Grindheim i Agder 10. februar 1880. Foreldre: bonde Søren Seland og Anna Homme. Han skriv sjølv: „Daa eg var 17 aar for eg til Oslo, tok millomskuleeks. paa 1 aar. Sidan las eg til artium og vart student 1902. Tok lærarprøva 1903. So var eg lærar i folkeskulen, fyrst i Froland fraa 1903—13, so paa Svælgfoss bruksskule i Telemark 1914—19.



Eg hev røynsla for, at lærarane paa landet kann „gaa i berg", um dei ikkje er vakne og held kunnskapen og hugmaali ved lag. Difor prøvde eg aa lesa og studera best eg kunde. Men fyrst i 1916 tok eg til med systematisk studium. Det var noko tungt i den alder aa ta til aa læra græsk og hebraisk. Men eg fekk god hjelp av venerne mine. Skulestyrar H. Wergeland hjelpte meg med græsken og sokneprest Borch i Heddal med hebraisk. Det teologiske studium hadde eg mykje gleda av. Mange spursmaal eg gjenom aari hadde stræva med, fekk eg no svar paa.

Eg tok embetseksamen i 1918. Nytta ein vaarferie til aa taka eksamen. Eg hadde kje forsømt skulen meir enn 3—4 dagar for studiet si skuld. Praktikum tok eg i 1918.

I 1900 vart eg gift med lærarinne Anna Dale i Froland. Me hev 7 born. Av desse er dei 2 eldste studentar. Dei gjekk i gymnaset daa eg tok embetseksamen. I 1919 vart eg prest i Aardal i Sogn der eg enno er. Eg hev allstødt tala paa landsmaal, og her hev me no fenge altarboki og paa landsmaal". Utnemnt til sokneprest i Herefoss, Agder 11. jan. 1924

Zakarias Johan Brekke

er fødd i Fitjar i Sunnhordland 27. desbr. 1881. Faren er bonde og fiskar Ola Brekke f. 1851. Han gjekk Sunnhordlands fylkesskule, tok lærareks. paa Stord 1903, lærar i Fitjar 1903—08, i Sør-Odal 1908—11, vart student 1913, lærar i framhaldsskulen i Torvastad 1916—17, tok teologisk embættes-eksamen 1918 og praktikum 1919. Sokneprest til Austevoll, Sunnhordland 1919.

Han hev alltid preika paa nynorsk, fyrste preika i Bekkjevik kapell, Fitjar 5. aug. 1917 daa han var student. Han hev skrive ymist, hev soleis sett um Daniels bok i den nynorske bibelen, hev eit dikt i „Haakonarvarde" (1921) og i fleire blad.

Gift 1920 med Kari Krogsrud f. 3. des. 1889, dotter av bonde Anders H. Krogsrud (f. 1857) og Anne Krogsrud (f. 1862).

Olaf Strømme

er fødd paa Herøy paa Sunnmøre 7. juli 1881. Foreldre: Provst L. C. O. Strømme (1834—1913) og Laura Amalie Borgen (1838—1909). Han fekk privatupplæring heime og tok millomskuleeks. paa Aars og Voss skule i Oslo 1896, student 1899, kand. teol. 1905, praktikum 1906, desutan eks. i kvænsk. Pers. kap. i Hadsel, Vesteraalen 1906—07, pers. kap. hjaa faren i Selja, Nordfjord 1907—10, sekretær i Bergens ynglingeforening og samstundes komm. prest paa Lungegaarden sjukehus og lærar paa ymse skular 1911—13, sokneprest i Askvoll i Sunnfjord 1914—19, res. kap. paa Voss fraa hausten 1919.

Han hev m. a. vore form. i Nordfjord krins av N. K. U. F. 1905 og 10, form. i Sunnfjord krins 1918—19. Form. i Askvoll skulestyre 1915—19, forlikskomm. s. st. 1918—19, form i Voss fatigstyre fraa 1921 o. s. b.

Studieferd til England i 1913 for aa studera sosialt arbeid. Var paa maalkurset for prestar i Kviteseid 1917. I Askvoll preika han sume gonger paa nynorsk, paa Voss brukar han umlag alltid nynorsk.

Gift 1908 med Petra Dorothea Schjelderup f. 15. april 1882, dotter av stadsmeklar Eilert Schjelderup (1828—1911) og Nancy Tillot (f. 1848).

Ottar Erla

er fødd i Holla i Telemark 23. mars 1882. Foreldre: Provst Emil Ellefsen (1834—1894) og Michaelowna Dons (1841—1918). Vart student ved skulen paa „Hauges minde" i Oslo 1901. Eksamen fraa Steinkjer skogskule i 1902, daa han tenkte paa aa verta skogmann; men han gav det upp og tok tilleggsprøva til lærareksamen i 1904. Vikariera so i folkeskulen i og

utanfor Oslo, tok 1907 til aa studera teologi ved universitetet og vart kand. teol. vaaren 1911, praktikum hausten same aaret. Jan. 1912 pers. kap. i Vestre Slidre, Valdres, stiftskap. i Haalogaland bispedøme mars 1913, kallskap. i Tinn, Telemark hausten s. aa., sokneprest i Evanger, Hordaland vaaren 1918. Fekk der ein leid astmatisk bronkitt, so han laut søkja avskil og flutta austetter. Styrde ledige soknekall paa Austlandet: Grue 5 mnd., Kvikne 5 mnd., og Skiptveit paalag 20 mnd., sokneprest til Vikedal i Ryfylke fraa 1. juni 1923.

I Tinn tok han til aa halda fyredrag paa nynorsk. Fyrste nynorske preika heldt han i Evanger i mai 1918, preika sidan av og til paa norsk til han i mai 1921 daa han styrde Kvikne soknekall, gjekk yver til aa bruka berre norsk maal offentleg og privat. Sidan hev han alltid gjort det.

Han er mykje med i ungdoms- og norskdomsarbeid; fekk skipa Skiptveit norsklag i Austfold.

Gift 1914 med Wilhelmine Winsnes Einang f. 21. novbr. 1888, dotter av landhandlar Torstein Einang (1848—1901) og Elisabet Winsnes (1856—1903).

Peder Skipenes

er fødd paa Nordfjordeid 1. oktober 1882. Foreldre: Bonde Anders Knutson Skipenes (1839—1909) og Ingeborg Korneliusdotter Os (f. 1841). Han vart student 1904, var so eit aar lærar i heimbygdi, tok teologisk embættseksamen i 1912, praktikum same aaret, Pers. kap. hjaa provst Eiesland paa Voss 1913—17, sokneprest i Norddal paa Sunnmør sidan 1917.

Han hev alltid nytta nynorsk baade i preikor og elles.

Halfdan Freihow

er fødd i Tana i Finnmarki 22. novbr. 1883. Foreldre: Sokneprest Ole Marius Monsen Freihow (1856—92) og Fredrikke Wilhelmine Wexelsen (f. 1858). Far hans døydde daa han var 8 aar. Han gjekk daa fyrst paa skule i Nidaros der mor-



faren, presten Fredrik Wexelsen budde, sidan i Oslo der han tok millomskuleeks. 1900 og vart student 1903, teologisk embættseks. vaaren 1909, praktikum hausten s. aa. Fraa nyaar 1910 pers. kap. hjaa soknеprest Christopher Bruun i Oslo, vart sjuk og maatte til fjells, soknеprest til Rauland i Telemark 1911, kallskap. i Oddernes i 5 maanader 1915, fekk so att kallet i Rauland. Etter uppmoding fraa Noregs ungdomslag tok han i novbr. 1916 ungdomsprestembættet i Agder bispedøme, soknеprest til Vinje i Telemark fraa 1920.

Det var i Rauland Freihow lærde seg nynorsk og tok til aa bruka det i preikor og elles. Fyrste preika i Rauland i juni 1915. Sidan hev han alltid nytta nynorsk baade i skrift og tale. Freihow hev vore mykje med i det frilynde ungdomsarbeidet i Telemark og var formann i Telefylke frilynde ungdomssamlag fraa 1916—23. Umframt nynorske preikor hev han halde ei mengd med fyredrag i ungdomslagi. Han hev sterke litterære interessor. Hev skrive mykje i bladi og gjeve ut i bokform: „For livet si skuld" (1914) og „Til ungdom" (1915). Stipendferd til Danmark og Sverike 1919.

Gift 1) i 1911 med Signe Freihow f. 15. novbr. 1889 død 5. mai 1911, dotter av res. kap. Th. Freihow (f. 1861) og Tora Andersen (f. 1861)

2) i 1920 med bilethoggarinne Helene Godskesen f. 29. jan. 1890, dotter av borgarmeister Marius Godskesen (Kb.havn) f. 1861 og Elisabet Rump (1865—1913).

Knut Eik-Næss

er fødd i Sauda i Ryfylke 21. juli 1885. Foreldre: Landhandlar Sigbjørn Kristian Næss (f. 1855) og Eli Knutsdotter Eik (f 1864). Han gjekk fylkeskulen i Ryfylke og underoffiserskulen i Kr.sand, eks. 1906, vart student ved Kongsgaard skule i Stavanger 1909, kand. teol. ved universitetet vaaren 1915, praktikum hausten s. aa. Ul. offiser (sek. løytn.) 1910, tenestgjorde til 1915, 1912 og 13 adjutant ved Ryfylke bataljon,



framhaldsskulelærar i Sauda 1910, gymnastiklærar i Stavanger 1912, ungdomsprest i Nidaros bispedøme 23. des. 1915—27. aug. 1920, soknepresti til Sparbu fraa sistn. dag; men var ungdomsprest aaret ut.

Eik-Næss hev alltid brukt berre nynorsk. I studentaari var han mykje med i maal- og ungdomsarbeidet, var form. i Studentmaallaget i Oslo i 1911 og 12, form. i det fyrste heilnorske teologiske granskarlaget „Veghittaren", form. i Nidaros maallag 1918—19 o. s. b. — Var ei tid i Oxford og høyrde fyrelesningar i boksoga. I 1919 stipendferd til Sverike og Danmark for aa studera ungdomsarbeidet.

Gift 1919 med Nina Lange Dahler, dotter av soknepresti Christen L. Dahler (f. 1865) og Gudrun Lange (f. 1876).

Kristian Fougner Hagene



Form. i Hægebostad

er fødd i Reinli, Sør-Aurdal i Valdres 27. sept. 1885. Foreldre: Lærar og kyrkjesongar Kristoffer Hagene (1846—1919) og Oline Johanne Fougner (f. 1854). Han vart student 1906, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1913, praktikum 1914 Stiftskap. i Agder bispedøme 3. juli 1914, soknepresti i Hægebostad, Vest-Agder 22 jan. 1915.

Han hev vore formann i Hægebostad skulestyre i 8 aar, i fatigstyret i 5 aar, forlikskommissær fraa 1922. avhaldslag o. s. b.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Reinli kyrkje i Valdres 23. aug. 1914. Sidan hev han alltid nytta nynorsk i tale og skrift.

Gift 1916 med Kari Bryggesaa f. 7. febr. 1889, dotter av bonde og riksraad Aasulv Bryggesaa (1856—1922) og Inger Marie Hobbesland (f. 1857).

John Rongved

er fødd i Haus i Nordhordland 26. novbr. 1885. Foreldre: Lensmann, stortingsmann h. v. Magne J. Rongved (f. 1858) og Brita Johnsdtr. Rongved (død 1889). Student 1909, kand. teol. 1914, praktikum 1915. Verka som feltprest og styrar av Tvildemoen soldatheim, Voss sumaren 1913, stiftskap. i Agder bispedøme juni 1915, styrde daa Rauland i Telemark og Bakke ved Flekkefjord og verka eit par maanader i Haugesund, soknepresti Jostedal, Sogn mai 1916, sogneprest paa Vossestrand 1920.

Formann i Jostedal skulestyre og fatigstyre, form, i Jostedal avhaldslag, form. i Vossestrand skulestyre.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Rauland 19. sept. 1915 og sidan hev han alltid nytta nynorsk. „Det er mi sikre tru at evangeliet frambore paa folket sitt eige maal (landsmaal) kjem dei mykje nærare, enn um det lyer paa riksmaal".

Gift 1916 med Aasne Kostveit f. 3. novbr. 1895, dotter av bonde Odd Kostveit (f. 1855) og Margit Knutsen (f. 1868).

Anders Skrondal



er fødd i Øksendalen paa Nordmøre 14. aug. 1885. Millomskuleeks Volda 1904, u.off.skule i Oslo, student i Oslo 1909, kand. teol. 1915, praktikum s. aa. Var ei stutt tid styrar av ein millomskule i Nes paa Romerike i 1912. stiftskap. i Bjørgvin bispedøme 16. febr. 1916, soknepresti Vannylven, Sunnmøre 23. juni 1916, soknepresti Sunndal, Nordmøre 9. novbr. 1923.

Formann i Vannylven skulestyre fraa nyaar 1918, forlikskommissær s. st. — Hev i manuskript ferdug ei bok „Grunlvigianisma i Norig fraa 1850—1870 aara". Skrive ymist i bladi.

Han nyttar no berre nynorsk i tale og preikor. Fyrste norske preika i Syvde olsokdag 1917.

Gift med Kjellaug Eikeland f. 1889.



Ola Martin Sortland

er fødd i Bremnes, Hordaland 25 sept. 1885. Foreldre: Bonde Knut Olai Svartland (f. 1864 og Berte Margreta Larsdotter (f. 1859). Student fraa Hambro skule, Bjørgvin 1906, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1912, praktikum s. aa. Arbeidde i Kr.ania indremission 1908—12, stiftskap. i Bjørgvin bispedøme 28. des. 1912, styrde Lindaas res. kappellani, Odda og Ørsta soknekall, soknepresti Ørsta 14. mai 1915, sokneprest i Odda, Hardanger 3. sept. 1915.

Han vart vald inn i Odda heradstyre 1922. — Var paa studieferd i Tyskland, Frankrike og Italia fraa 15. aug 1920 til 31. des. 1921.

Fyrste preika paa nynorsk i Ørsta i febr. 1915 Brukar berre norsk ved alle høve.

Gift 1917 med Elisabet Bjerknes f. 9. mai 1885, dotter av bonde Bernhard Matias Bjerknes (f. 1848) og Trine Anette Kopperud (f. 1860).

Peter Petersen Skaara



er fødd i Tjølling, Vestfold 10. desbr. 1886. Foreldre: Lærar og organist Lauritz Petersen (1854—1918) og Maren Lovise Lindhjem (f. 1852). Student i Larvik 1906, kand. teol. 1912, praktikum s. aa. I fyrste ungdomsaari dreiv han gardsarbeid og lærararbeid i studietidi, sokneprest i Mo, Telemark fraa 7. febr. 1913, provst i Vest-Telemark 1921.

Formann i Mo skulestyre, varaform. i Mo og Skafsaa fatigstyre. — Hadde 1913 off. stipend

til vitskaplegt presteskeid paa Eidsvoll, i 1916 til fyrste norskmaalsskeid for prestar paa Voss, i 1918 til vitskaplegt presteskeid paa Inderøy, norsk utsending til dansk studiemøte i 1911 o. s. b. — Sterkt interessera for song og musikk. Instruktør for songlag og kvartet i Mo. Hev saman med frk. Anna Lindhjem halde konsertar i flestalle kyrkjor i Vest- og Nedre-Telemark.

Preika paa nynorsk fyrste gong i Mo kyrkja 1. paaskedag 1917. Nyttar no alltid nynorsk i preikor og fyredrag.

Gift 1913 med Jenny Margrete Pettersen f. 8. april 1886, dotter av feiarmeistar Christian Gunerius Pettersen (f. 1854) og Marie Mustad (1868—1919).



John Aune

er fødd i Rennebu, Trøndelag 3. mai 1887. Foreldre: Bonde Erik Olson Aune (f 1846) og Anne Arntsdotter Herrem (1847—1906). Fredly ungdomsskule 1905, millomsk. i Volda 1908, student ved Hauges minde, Oslo 1910, kand. tol. 1916, praktikum s. aa. Soknepresti Valle, Sætesdal des. 1916, soknepresti Surnadal, Nordmør 1923.

Formann i Valle skulestyre i 4 aar, formann i Bykle skulestyre og Hylestad skulestyre.

Sidan han vart prest hev han alltid tala og skrive berre paa nynorsk.

Gift 1918 med Gyro Skeidvollen f. 14. okt. 1893, dotter av bonde Lidvard Skeidvollen (1857—1915) og Aslaug Olavsdotter (1854—1905).

Halldor Grønlien

er fødd paa Voss 24. september 1887. Foreldre: Lærar og bonde Odd Grønlien (1841—1919) og Arnguna Takla (f 1847). Vart student 1909, kand. teol. 1915, praktikum 1916. Utnemnt til kallskap. i Oddernes 14. juli 1916, var i 3 mnd. konst. soknepresti Oddernes, samstundes millombils lærar ved Katedralskulen i Kr.sand S., soknepresti Gransherad, Telemark 13. sept. 1916.

Formann i Studentmaallaget i Oslo 1914, form. i Clavis Veritatis 1915. Form. i Oddernes skulestyre, Gransherad skulestyre, varaform. i Gransherad fatigstyre, i styret for Gransherad komm. elektrisitetsverk o. s. b.

Fyrste norske preika var dimispreika paa universitetet. I Gransherad nyttar han alltid nynorsk maal.

Gift 1920 med Hjørdis Peersen f. 26. juni 1896, dotter av sorenskrivar Rudolf Peersen (f. 1868) og Charlotte Margrete Andersen (f. 1866).

Peder Berge

er fødd i Orkedal 12. juni 1888. Foreldre: Bonde og snikkar Karl Johnson Berge og Marit Larsdotter (1867—1898). Gjekk Torshus folkehøgskule, millomsk. og gymnas i Nidaros, student 1909, kand. teol. ved universitetet 1914, praktikum same aaret. Vikar for res. kap. i Orkedal eit aar (1915), soknepresti Ørsta paa Sunnmør 1916, soknepresti Volda 1919. I Ørsta var han timelærar paa Møre folkehøgskule, no religionslærar ved Volda gymnas. Formann i Ørsta skulestyre, form. i styret for Møre og Romsdals krins av Norges kirkelige landslag, med i styret for Romsdals krins av Det norske missionsselskap o. s. b. — Stipendferd til Danmark og Tyskland hausten 1922 og studera kyrkjelege tilhøve.

Han preikar berre paa nynorsk, og brukar det elles alltid i tale og skrift. Hev gjeve ut eit lite skrift: „Dei ymse meiningar um daapen" (1921). I den nynorske bibelen hev han sett um profeten Zakarja, og elles hev han skrive ymist i blad og tidsskrift.

„Det er min draum at det skulde lukkast aa gjera den norske kyrkja meir samla baade utetter og innetter. Litteratur og kunst, som etter mi meining tener livet, er eg glad i".

Gift 1915 med Marit Bak f. 4. april 1886, dotter av kyrkjesongar og lærar John Bak (1857—1921) og Guru Andersdotter (1865—1913).



Lars Tjensvoll

er fødd i Time paa Jæren 25. aug. 1888. Foreldre: Bonde Eivind Tjensvoll (f. 1844) og Marta Maria Fotland (f. 1849). Fylkeskule, lærareks. paa Stord 1910. Lærar i Time 1910—11. Student 1913, kand. teol. 1917, praktikum 1918. Pers. kap. hjaa soknepresten i Nesna paa Helgeland og lærar ved Nesna lærarskule 1918, ungdomsprest i Hamar bispedøme 1920, soknepresti Nesna s. 1921. Han brukar alltid norsk maal i tale og skrift. Var form. i Studentmaallaget i Oslo 2dre semester 1917, med i Bibelnemndi aat Studentmaallaget. Han hev skrive ymist i bladi.

Gift 1920 med Torbjørg Hognestad f. 14. febr. 1891, dotter av bonde og stortingsm. h. v. Eivind Hognestad (f. 1863) og Bolette Henrikke Seland (f. 1868).

Ragnvald Torvanger

er fødd i Bremanger, Sunnfjord 27. januar 1888. Foreldre: Bonde Hans A. Torvanger (f. 1857) og Isalina Grotle (f. 1857). Han tok lærareks. i Volda 1909. Framhaldsskulelærar i Treungen 1909—10, paa Voss 1910—11, i Brunlanes 1913—14, folkeskulelærar i Namsos 1914—15. Student 1913, kand. teol. 1920, praktikum s. aa. Fraa 1. juli 1921 styrar for Sogn og Fjordane fiskarhøgskule i Flora, og fraa same dag hjelpeprest i Kinn, soknepresti Sogndal i Sogn 28. sept. 1923.

I studietidi dreiv han tvo vintrar fiske heime i Bremanger og det same gjorde han tri vintrar etter han vart kand. teol., daa han tok skuleferien i fiskjetidi. — Formann i Gymnasiast-

maallaget i Oslo 1912—13, form. i Sunnfjord krins av N. K. U. F. Nyttar alltid nynorsk maal i preikor og elles.

Gift 1914 med Karoline Johansen f. 22. mars 1888, dotter av agent Karl Johansen (f. 1865) og Jakobine Olsen (f. 1863).



Olav Kvaale

er fødd i Laardal, Telemark 21. okt. 1889. Foreldre: Bonde Halvor Olavson Kvaale og Hæge Halvorsdotter. Student 1908, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1916, praktikum 1917. Residerande kapellan til Gloppen 1917.

Skulestyreformann i Breim sidan 1920, formann for Nordfjord krins av Norsk søndagsskoleforbund, med i styret for Nordfjords indremissionsforening, i styret og raadet for Nordfjord ungdomsskulelag o. s. b. Han hev alltid nytta berre nynorsk maal.

Gift 1917 med Signe Knutsdotter Oftelid f. 14. sept. 1883.

Ole Urdahl

er fødd i Hosanger i Nordhordland 30. april 1889. Foreldre: Bonde Ole Nilsson Urdahl (f. 1836) og Gjertrud Askildsdotter Vike (f. 1849). Gjekk Voss folkehøgskule 1910—11, millomskuleeks. Volda 1913, student fraa Voss private gymnas 1917, kand. teol. 1923, praktikum s. aa. Stiftskapellan i Bjørgvin bispedøme 15. des. 1923, ordinera 27. febr. 1924 og vart so sett til aa styra Kinn soknekall.

Ungdomsbilæte.

Han talar alltid nynorsk i preikor og elles.



Paul Emil Rynning

er fødd paa Moss 14. juni 1890. Foreldre: Kjøpmann Christian E. S. Rynning (1861—95) og Pauline Hilditch (f. 1861). Student ved Kr.ania katedralskule 1908, krigsskulen 1. kl. 1909, kand. teol. 1914. Lærar og inspektør ved Aas millomskule 1910—13, kateket i Vadsøy 1. jan. 1915, soknepresst i Hornindal, Nordfjord s. 30. juni 1917. Styrar av Hornindal millomskule, som han skipa sept. 1920.

Skipa 1916 Vadsøy mannskor, form. og dirigent for dette, styresmann i Firda ungdomslag 1920, varaform. s. 1921. Form. i Hornindal fatigstyre, varaform. i skulestyret o. s. b.

Nyttar no nynorsk maal i alle preikor.

„Mine hugmaal stend i aa tena folk og kyrkja, hjelpa til aa leggja grunnen for framtidi i ein sterk ungdom, som i fridom vinn eit bjart og i beste meining positivt livssyn."

Gift 1915 med Elna Rode f. 6. mai 1889, dotter av eimbaatkaptein Einar Rode (1853—97) og Anna Henrikke Holmboe (f. 1862).

Cathrinus Finsaas

er fødd i Snaasa 12. april 1891. Foreldre: Lærar Lorens Teodor Finsaas (f. 1855) og Karen Katrine Mediaas (1864—91). Lærareks. paa Levanger 1911, student fraa Volda gymnas 1913, kand. teol. 1916, praktikum s. aa. Residerande kap. i Inderøy, Trøndelag s. 1917.

Styreslem i Inntrøndelag fylke av D N. T. 1918, formann sidan 1919. Med i Inderøy heradstyre fraa 1923. Formann i kyrkjetilsyn og sokneraad o. s. b.

Han hev alltid preika paa nynorsk. Hev skrive ikkje so lite paa nynorsk i blad og tidsskrift. Ei liti barnebok „Jam-

aldringar" gav „Norsk barneblad" ut i 1922. I dei siste aari hev han skrive mange salmar.

Gift 1917 med Karen Mona f. 19. sept. 1888, dotter av bonde og handelsmann Erik Mona (f. 1857) og kona Karen (f. 1857).



Ragnvald Andreas Indrebø

er fødd i Os, Hordaland 22. novbr. 1891. Foreldre: Lærar Ludvig Indrebø (1864—1921) og Severina Frøisland (f. 1862) — baae foreldri fraa Førde i Sunnfjord. Han vart student ved skulen paa Hauges minde i Oslo 1911, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1918, praktikum s. aa. Lærar ved Lillestrøm millomskule 1918—19, lærar ved Kristeleg gymnasium i Oslo og notarius ved Menighetsfakultetet 1919—20, timelærar ved Krist. gymn., Ragna Nielsens skule og Den nye lærarskulen 1920—21, ordinera til prest og gjorde tenesta i Førde res. kapellani i Sunnfjord 2 maanader i 1921, lærar ved Den nye lærarsk. og Krist. gymn. 1921—22, sokneprest i Jølster, Sunnfjord s. 1. juli 1922.

Brukar alltid nynorsk. Fyrste norske preika i Sæbø kyrkje, Manger sumaren 1919. Hev skrive ymist i blad og jolehefte.

Gift 1922 med Eva Foss f. 9. november 1903 dotter av stasjonsmeister Kristoffer Foss og Helga Larsen.

Henrik Kristian Ljostveit

er fødd i Kvinnherad 28. januar 1892. Foreldre: Bonde Peder Ljostveit (f. 1851) og Jorna Ljostveit (f 1853). Framnes ungdomsskule 1909, lærareks, i Volda 1912, framhaldsskulelærar i Høyland 1912—13, folkeskulelærar i Bamble 1913—15, student i Oslo 1917, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1921, praktikum s. aa. Sokneprest i Haaland paa Jæren 1922.



Form. i Teologisk forening 1921, no i styret for Rogalands krins av indremissionen.

Han hev nytta berre nynorsk fraa fyrste stund.

Gift 1921 med Mathilde Rønholt f. 7. juli 1891, dotter av bonde Trond Rønholt (f. 1866) og Hanna Rønholt (f. 1858).



Nils Ofstad

er fødd paa Geitastrand i Trøndelag 12. januar 1892. Foreldre: Lærar John Ofstad (1848—1915) og Marie Randine Tøndel (f. 1859). Student 1915, kand. teol. 1920, praktikum 1921. Soknepresi i Hjørundfjord paa Sunnmøre 1921.

Form. i skulest. og forlikskommissær. Fyrste preika paa nynorsk 28. aug. 1921; hev sidan preika berre paa nynorsk.

Gift 1921 med Johanna Selbæk f. 23. okt. 1892, dotter av bonde John Selbæk (1840—95) og Randi Landrø (f. 1849).

Peder Ragnvald Berg Rollness

er fødd i Ibestad 1 juni 1892. Foreldre: Bonde og fiskar Lars P. M. P. Rollness og Eline Kjerstine Rollness. Amtsskule i Ibestad, millomskule i Kvedfjord, eks. Troms 1911, las privat med soknepresi J. Værnes vinteren 1911—12, student ved Hauges minde, Oslo 1913, kand. teol. 1918, praktikum 1919. Var fiskar 1907—09, lærar i folkeskulen i Ibestad 1913—14, timelærer paa „Treider" i Oslo 1916—17, stiftskap. (ungdomsprest) i Haalogaland bispedøme 20. juni 1919, soknepresi i Kinn, Sunnfjord 15. febr. 1924.

Formann i Lofoten og Vesteraalen ungdomsl. fraa 1920, form. i Bondeungdomslaget i Harstad, form. i styret for Haalogaland maalkontor, styresmann i Haal. historielag. Hev vore

representant for Krist. Studenterforb., i sentralstyret for Norges kr. ungd.forbund o. s. b. Vinterhalvaaret 1922—23 var han i Tyskland ogstudera prakt. teologi ved universitetet i Marburg.

Han hev alltid preika paa nynorsk, fyrste preika var ordinasjonspreika i Trums 2. juli 1919.

Gift 1919 med Ragna Marie Nilsen f. 7. sept. 1892, dotter av bygmeister Jørgen Nilsen og frua Emma.

Aasulv Lande

er fødd i Bygland, Sætesdal 4. mars 1893 Foreldre: Bonde Thor Lande og Tora Langerak. Han gjekk fylkesskulen i Sætesdal 1910, tok lærareks. paa Notodden 1913, student ved Voss landsgymnas 1917, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1922, praktikum 1923. Lærar i Nissedal 1913, i Hovin, Telemark 1914, ved „Statens skogskule i Oddernes" 1917—18, stiftskap. i Agder bispedøme sumaren 1923, hev styrt Hjartdal soknekall til i novbr. 1923, sidan Nissedal og Fjotland.

Han preikar alltid paa nynorsk. Var varaform. i Norskdomslaget paa Notodden lærarskule 1912 og hev vore form. i ymse ungdomslag. Ugift.

Sigurd Fjær

er fødd i Kolvereid, Namdalen 11. april 1893. Foreldre: Bonde, fiskar og forretningsmann Peter Fjær (f. 1864) og Antonetta Eliasdotter (f. 1866). Folkehøgskule i Frol, millomskule i Volda, student fraa Volda gymnas 1913, kand. teol. 1920, praktikum 1921. Lærar ved A. Fjærs folkehøgskule i Skogn 1914—15, stiftskap. (ungdomsprest) i Hamar bispedøme s. 3. des. 1921.

Ferder i Sverike, Danmark og Tyskland 1919. Eit aar (1922—23) studieupphald i Amerika

med stipend fraa Noreg—Amerikafondet og universitetet. — Formann i Trønderlaget i Oslo 1914, i Studentmaallaget i Oslo hausten 1916, i det teologiske studentutvalet ved universitetet 1919—20, i Norske studenters kristelege forbund 1920.

Han hev alltid nytta berre nynorsk. Hev skrive vitskaplege stykke i „Syn og segn" og elles skrive i ymse blad og tidsskrift. Ugift.



Ola Ludvig Lynum

er fødd i Skogn, Trøndelag 23. sept. 1893. Foreldre: Timbermann og snikkar Odin Alb. Lynum (1863—1899) og Laura Cecilie Oversand (f. 1863). Millomsk. og gymnas i Volda, student 1913, kand. teol. 1919, praktikum 1920. Sokneprest til Edøy 16. juni 1920.

Formann i Edøy skulestyre s. 1922, styresmann i Studentmaallaget i Oslo 1918—20, med i Bibelnemndi aat Studentmaallaget 1918—20, i nemndi for nynorske gudstenestor i Bondeungdomslaget i Oslo, i foredragsnemndi for Nordmør ungdomslag, skrivar i Nordmør pastoralforening o. s. b.

Han preikar alltid paa nynorsk. Hev skrive ymist i bladi.

Gift 1920 med Dagny Johanne Næss f. 11. oktober 1894, dotter av standartjunker og bonde Paul Marius Næss (f. 1862) og Paula Marie Jørstad (f. 1870).

Arnoldus Johan Løvoll

er fødd i Buksnes i Lofoten 22. mars 1893. Foreldre: Bonde Karl A. Løvoll (f. 1870) og Albertine Johansdtr. (f. 1870). Han vaks upp i Norddal paa Sunnmør der foreldri hev butt sidan han var 5 aar gamall, gjekk millomsk. og gymnas i Volda, student 1914, tilleggsprøve ved Volda lærarskule 1915, kand. teol. 1921, praktikum s. aa. Framhaldsskulelærar i Norddal 1914,



i Otterøy, Namdalen 1915—16, residerande kapellan i Førde, Sunnfjord s. 1922.

Han preikar alltid paa nynorsk. Var form. i gymnasiastlaget „Varde", Volda 1914.

Gift 1922 med Elisabeth Myrold f. 28. juni 1893, dotter av trearbeidar Ole Myrold og Kristine Andersdtr.

Karl Julius Roald

er fødd paa Vigra paa Sunnmøre 2. okt. 1893. Foreldre: Bonde Karl Nilsson Roald (1844—1916) og Helene Arnfinnsdtr. Terøy (1850—1918). Ungdomsskule i Ulstein, millomskule og gymnas i Volda, student 1916, kand. teol. 1920, praktikum 1921. Fraa hausten 1921 til sumaren 23 lærar ved Volda gymnas, kst. sokneprest i Ørsta, Sunnmøre 1. juli 1923, fast utnemnd 14. sept s. aa.

Han brukar alltid nynorsk maal. Var form. i Studentmaallaget i Oslo vaarsemestret 1921, form i Folkeskriftnemndi aat Noregs ul. og Stud.maallaget 1920—21.

Gift 1921 med Johanne Jacobsen f. 4. juli 1897, dotter av skipper Henrik Jacobsen (f. 1861) og Lina Brekke (f. 1865)

Aksel Sesbø



er fødd 7. april 1893 i Stangvik paa Nordmøre. Foreldre: Skipper og bonde Ole Olsen Sesbø (f. 1849) og Elen Hansdotter Mulvik (f. 1851). Voss folkehøgskule 1910—11, student frøa Kristeleg gymnasium i Oslo 1918, kand. teol. 1923, praktikum 1923. Ordinera 27. febr. 1924 til aa styra ledige presteembætte i Nidaros bispedøme.

Etter han vart student var han eit aar lærar paa Otto Treiders handelsgymnas og eit semester paa studieferd i Tyskland. Han nytta

nynorsk til alle eksamenar og vil nytta nynorsk i alle preikor. Han hev skrive ikkje so lite i bladi.

Formann i „Gymnasiastmaallaget i Oslo" i 1917—18, varaform. i Studentvinstrelaget i Oslo haustsem. 1919, med i Folkeskriftnemndi aat Studentmaallaget i Oslo.

Han er ugift.



Johannes Theodor Hovda

er fødd i Hjelmeland i Ryfylke 27. aug. 1895. Foreldre: Fylkesskulestyrar Jon Hovda (1866—1922) og Lina Foss (f. 1872). Fylkesskule og millomskule i Koparvik, student fraa Kongsgaard, Stavanger 1913, kand. teol. 1921, praktikum s. aa. Framhaldsskulelærar i Stjernarøy og Finnøy 1913—14, i studietidi dreiv han ein vinter (1916—17) sildefiske, ungdomsprest (stiftskap.) i Agder bispedøme sidan 28. april 1922.

Formann i Studentmaallaget i Oslo 1921, form. i exegeselaget „Veghittaren" hausten 1920, varaform. i Stavanger maallag s. hausten 1922.

Han nyttar alltid nynorsk i tale og skrift. Hev skrive ymist i blad og tidsskrift, hev desutan teikna bilæte til fleire blad, driv med litt kunstmaaling i fristunder og hev sterke boklege hugmaal.

Gift 1922 med Aasta Halgjem f. 22. aug. 1895, dotter av filmsensor Arne Halgjem (f. 1871) og Tora Lykkedrang (f. 1863).

Karl Johan Øye

er fødd paa Stranda, Sunnmøre 21. oktober 1898. Foreldre: Bonde Knut Andreas Olson Øye og Petrine Marie Habostad. Millomsk. Volda 1916, gjekk 1916—17 5 maander paa handelsgymnas i Bergen, men slutta, student fraa Volda 1919, kand. teol. 1923 ved Menighetsfakultetet, praktikum s. aa. Vaarsemestret 1920 studera han ved universitetet i Heidelberg i Tyskland. Soknepr. i Tysnes, Sunnhordland 4. jan. 1924.

„Eg har heilt fraa folkeskulen og til embætteseksamen

berre brukt landsmaalet og funne meg fullt heime i det, baade literært og vitskaplegt, so vi treng ikkje um aa laana framande maal; det livande norske talespraak er rikt nok til gje' uttrykk for alt som rører seg og lever i norsk aandsliv, baade i skrift og tale. — Landsmaalet brukar eg alltid baade naar eg preikar og held foredrag, daa fyrst kann eg koma inn til folkesjæli paa mi arbeidsmark".

Gift 1924 med Inga Elise Vinje f. 15. mai 1895, dotter av bonde Johan Larsson Vinje, Geiranger og Anna Ørjasæter.

Prestar som stundom hev preika paa nynorsk.

Eirik Bruhjell



er fødd i Balestrand i Sogn 2. desember 1853. Foreldre: Husmann og timbermann Ole Hermundson Langeteig (sidan Bruhjell) (1806—1873) og Sigrid Antonsdtr. Dale (1806—1895). Fraa 13 aars aldren var han i prestegarden i Balestrand hjaa presten H. U. Sverdrup, fekk daa privatupplæring hjaa prestedotteri Elisa, seinare frua til soknepresten Bøysen i Uppdal, gjekk Balestrand lærarskule fraa aug. 1870 til des. 1871. Leigd lærar paa Stord 1872, i Brekke i Sogn 1873, lærar i Lindaas 1873—75. Student 1877, andreeks. 1879, kand. teol. 1881, praktikum 1882. Lærar ved Sogndal folkehøgskule 1882—85, for ei stund rundt og selde bøker for Det norske samlaget og verka for maalsaki, var paa Askov folkehøjskole i Danmark fraa nyaar til paaske 1886, styrde „Fedraheimen" for Ivar Mortensson sumaren s. aa. Stiftskap. i Haalogaland bispedøme 1886, res. kap. i Kinn 1889, soknepresten i Stod, Trøndelag 1898, soknepresten i Fjære, Aust-Agder 1912, provst i vestre Nedenes 1916, avskil des. 1923.

Daa han var i Stod preika han fleire gonger paa nynorsk, men hev ikkje nytta nynorsk i Fjære. Han hev sett um Nikolai Wergeland si bok „Danmarks politiske forbrydelser mot Norge" til nynorsk, ho kom ut i 1887 med namnet „Ei

syndetavle". Hev ogso sett um fraa engelsk Moodys „Barnesogur" (1891).

Gift 1889 med Karoline Metella Sverdrup f. 5. april 1857, død 1922, dotter av sokneprest H. U. Sverdrup (1813—91) og Karoline Metella Suur (1816—1903).

Sighollt Didrik Leonhard Næss



er fødd i Beiaren, Nordland 20. oktober 1855. Foreldre: Bonde Lars Hansson Næss (1820—94) og Karen Margreta Stein (1819—83). Lærareks. paa Trums 1874, lærar 1874—77, millomsk.eks. 1878, lærar 1878—80, student 1881, kand. teol. 1885, praktikum 1888. Norsklærar ved millomskule i Oslo 1886, vikarlærar paa Asker seminar 1886—87, amtsskulestyrar i Os, Hordaland 1888—91, sokneprest i Bjarkøy, Nordland 1891, soknepr. i Norddal, Sunnmøre 1899, resid. kap. i Elverum 1905, sokneprest til Vaagaa, Gudbrandsdal s. 18. aug. 1909.

Han var fyrste form. i nordlandslaget „Fembøringen", Oslo 1886, form. i ungdomslag i Os, Norddal, Elverum og Vaagaa. Skulestyreform. i Bjarkøy, Norddal og Vaagaa, fatigstyreform. i Bjarkøy og Norddal. Forlikskommissær i Bjarkøy, Norddal og Vaagaa.

Han hev halde stemnegudstenestor paa nynorsk i Ørskog paa Sunnmøre sumaren 1902 og paa Vaaga 1910 og 1913. Næss hev skrive mykje paa nynorsk i mange blad. I bokform hev han gjeve ut „Norsk maaltavla" 1891, „Gamle Torbjørn", forteljing fraa reformasjonstidi 1903, „Verdsens ende og tusundaarsriket" 1904. Til den nynorske bibelen hev han sett um Jeremia syrgjesongar og Ezekiel. I manuskr. hev han tvo bøker um teologiske emne og eit bibelsk drama: Akab og Elija. Han hev ogso dikta salmar paa norsk.

Gift 1886 med Elise Amble f. 28. sept. 1852, dotter av fut Ole Amble (1820—1909) og Ida Thomine Fredrikke Hansen (1827—1903).



Johan Lavik

er fødd i Eksingedalen i Hosanger, Hordaland 4. aug. 1858. Foreldre: Bonde Johannes Andersson Lavik (1823—1887) og Kari Andersdtr. (1820—1907). Sogndal folkehøgskule 1876—77, student 1881, kand. teol. 1886, praktikum 1887. Lærar ved Lillesand millomskule 1883—84, redaksjonssekretær i „Folkets Avis" 1887, styrar av indremissionsskulen i Bjørgvin 1888, sokneprest i Hosanger 22. aug. 1888, res. kap. paa Voss 16. april 1909, sokneprest i Raade, Austfold 22. novbr. 1918.

Form. i Hosanger skulestyre i 19 aar, i Hosanger fatigstyre 13 aar, Voss fatigstyre 9 aar og Voss skulest. 2 aar.

Daa han var prest i Hosanger preika han fraa aaret 1902 alltid paa nynorsk i Eksingedalen og Modalen og stundom i Vike, men ikkje i Hovudsokni. Paa Voss preika han av og til paa nynorsk, men i Raade hev han ikkje gjort det.

Gift 1888 med Gurine Andrea Gauslaa f. 29. april 1862, dotter av smedmeister og skipsreidar Nils Christian Gauslaa (1829—1917) og Gusta Govertsen (1828—1916).



Johan Jensson Værnes

er fødd i Nedre Stjørdal, Trøndelag 29. mai 1860. Foreldre: Lærar Jens Pederson Værnes (1821—1906) og Martina Elisabeth Pedersdtr. (1822—1892). Student fraa Trondh. katedralskule 1882, las heime til 2dre eks. 1883, huslærar i Ryfylke 1 aar, kand. teol. 1888, praktikum 1889. Styrar av privat millomsk. kring 2 aar 1889—90, styrar av Fredriksvern høgare aalmugeskule 1891, kst. styrar av Koparvik folkesk. og kyrkje songer s.st. 1893, stiftskapellan i Nidaros bispedøme 1898, sokneprest i Klæbu 1902, skpr. i Ibestad 1907, res. kap. i

Aalesund 1913, soknеprest i Vestre Slidre, Valdres s. 13. mars 1919.

Formann i skulestyre og fatigstyre i Klæbu og Ibestad, i fatigstyre og fengselsraad i Aalesund, form. i missionssamskipnaden for Valdres o. s. b.

Var paa norskmaalsskeidet for preistar i Kvitseid sumaren 1917. Her heldt han fyrste preika si paa nynorsk. Sidan preika han kvar 17. mai og elles av og til paa norsk. Etter at den nynorske liturgien vart innført i Røn kyrkje 1923 preikar han jamt paa norsk der.

Gift [1]) 1886 med Jakobine Helene Jakobsen f. 19. sept. 1858, død ? [2]) med Edvardine Karoline Ubøe f. 24. febr. 1870, dotter av handelsborgar Odd Johannes Ubøe (1844—1901) og Karoline Laurentse Emilie Imsland (f. 1843).



Aslak Bergland

er fødd i Kvitseid i Telemarki 14. oktober 1862. Foreldre: Bonde Aslak Gunleikson Bergland (1820—99) og Sigrid Olavsdotter (1825—97). Student 1885, kand. teol. 1889. Lærar paa ymse skular i Oslo 1889—92 soknеprest i Tana 1892, skpr. i Kvitseid 1903, skpr. i Borre, Vestfold 1922.

Fraa 1906 preika han paa telemarksmaal i heimbygdi Brunkeberg, der dei hadde bede honom um det, men ikkje i dei andre soknerne i Kvitseid. I Borre nyttar han berre norsk-dansk. I studentaari skreiv han ein større diktsyklus paa telemaal um skiløyparen Sondre Nordheim, prenta i „Lauvduskar VII" utgj. av Det norske samlaget 1887.

Gift 1888 med Helene Gundersen f. 26. mars 1866, dotter av lensm. Gunder Gundersen (1826—71) og Inger Matea Asbjørnsdtr. (f. 1841).

Nils Roth Heyerdahl

er fødd i Vadsøy 31. januar 1862. Foreldre: Tollinspektør, seinare fut i Valdres F. W. Heyerdahl (1819—87) og Mariane Nergaard (1830—19.9). Student 1881, 2dreeksamen 1882, huslærar paa Stord i tvo aar, kand. teol. 1889, praktikum 1890. Pers. kap. hjaa provst Hansteen paa Voss 1890, kallskapellan i Sandeherad 1898, sokneprest i Tinn, Telemark 1911, provst i øvre Telemarks austfjellske provsti 1913, sokneprest i Holla, Telemark s. jan. 1918.

I aari 1914—17 preika han nokre gonger paa nynorsk i Tinn, og han heldt ei stemnepreika paa same maalet i Eidsborg kyrkja sumaren 1921. I studentaari samla han og gav ut ei songbok med berre nynorske songar: „Norske songar og kvæde" (1885). Av hans eigne songar er: „Det ein hev um notti drøymt" mest kjend.

Gift 1890 med Alette Aagaard f. 20. sept. 1862, dotter av sokneprest Christian Aug. Aagaard (1818—95) og Amine Dorothea Falk (1821—96).



Hilmar Anton Severin Vasstrand

er fødd i Aalesund 4. januar 1862. Foreldre: Kaupmann og bonde Knut Vasstrand (1831—1918) og Anna Helena Lid (1840—1905). Student 1883, styrmannseksamen i Aalesund s. aa., kand. teol. 1889, praktikum 1890. Hjelpeprest i sjømannsmiss. i Byenos Ayres i Sud-Amerika 1890, i Storbritaniske hamner 1892, styrar av stasjonen i Buenos Ayres 1893—99, resid. kap. i Kinn 1899, sokneprest i Fjaler 1906, skpr. i Haus s. 1912, provst i Osterøy provsti s. 1916, feltprest 1905—17.

Form. i skulestyre eller fatigstyre i Kinn, Fjaler og Haus,

forlikskomm. i Fjaler. Form. i styret for Sunnfjord ungdomsskule daa han vart sett igang. — Stipendferd til Skotland for aa studera kyrkjeskipnad og kristelege arbeidsmaatar.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Gjerstad kyrkje i Haus 17. mai 1917. Preikar alltid paa norsk i denne sokni.

Gift [1]) 1892 med Maria Sandborg f. 4. novbr. 1865, død 1894, dotter av kaupmann Hans Nicolai Sandborg (1831—83) og Mathilda Karoline Kiessling (f. 1836)

[2]) 1896 med Anna Sandborg f. 24. sept 1871, syster til den fyrste kona

Harald Ophus Devold

er fødd i Aalesund 29. september 1863. Foreldre: Fabrikeigar Ole Andreas Devold (1827—92) og Andrea Landmark (1825—72). Student 1881, kand. teol. 1888, praktikum 1890. Medstyrar av millomskule i Lillestrøm 1888, lærar paa Lindstrøms gjenteskule, Bergen 1890, studera i Berlin og Leipzig 1891—92, deretter ferd til Italia, lærar paa Otto Andersens skule, Oslo hausten 1892, stiftskap. i Haalogaland bispedøme 1894, sokneprest i Tysfjord, Nordland 1897, skpr. i Ørsta, Sunnmøre 1900, skpr. til Steinkjer 1906, skpr. i Trumssund 1912, dei siste aari ogso provst, skpr. i Vinger 7. des. 1923.

Devold hev vore mykje med i ungdoms- og folkehøgskulerørsla; han fekk reist Trondarnes folkehøgskule, skipa Bondeungdomslag i Troms og kaffistova s. st. Han hev skrive ofte i blad og tidsskrift.

Fyrste preika han heldt paa nynorsk var i Ørsta, vonleg 17. mai 1901. Siden hev han preika paa nynorsk kvar 17. mai der han hev vore prest.

Gift [1]) 1888 med Berta Olufine Sandborg f. 4. mai 1865, død 31. mai 1891, dotter av kaupmann P. Th. Sandborg og Anne Reitesletten. [2]) 1893 med Alida Elise Marie Lampe f. 2. aug. 1867, dotter av kaupmann Joachim Lampe 1830—95) og Alida Kathrine f. Lampe (f. 1835).



Nils Møllerup

er fødd paa garden Milde i Fana, Hordaland 5. oktober 1863. Foreldre: Bonde Nils Johannesson Milde (1824—93) og Anna Larsdotter (1819—1904). Student fraa Hauges minde, Oslo 1888, kand. teol. 1894. Etter embætteseks. verka han for indremissjonen paa Vestlandet, Helgeland og Trøndelag, serleg millom ungdomen — til ut aaret 1900. Styrde Grong soknekall, Namdal 1901—03, styrde Nærøy, Namdal 1903—05, sokneprest i Nærøy 1905, provst i ytre Namdal 1909—12, sokneprest i Bruvik, Hordaland s. 1912.

Formann i skule- og fatigstyre. I 6 aar med i styret for Naumdøla krins av D. N. T. Sumaren 1923 høgtida han 40-aarsdag som fraahaldsmann. Serleg hug til ætte- og bygdesogegransking og til musikk og song.

Var 1918 paa norskmaalskurset for prestar i Ullensvang. Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Stamnes kyrkje i Bruvik helgamessdag 1915. Etter den nynorske liturgien vart innført i denne sokni 5. mai 1921, hev han alltid preika paa norsk der. I dei andre soknerne kvar 17. mai og Olsok.

Gift 1895 med Elise Philippa Finne f. 24. novbr. 1864, dotter av oberstløytn. Edvard Gabriel Finne (1835—1916) og Vibeke Katrine Bjerkeland (f. 1842).

Rasmus Høyland



er fødd paa Stord 3. april 1865. Foreldre: Bonde Ola Olson Høyland (f. 1836) og Ingeborg Lillebø (1840—80). Lærareks. paa Stord 1884, las so vidare og dreiv med skulearbeid jamsides, vart student 1888, kand. teol. 1893, praktikum 1894. Same aaret vart han lærar paa Sætres institut for aandsveike born i Fana ved Bjørgvin, sokneprest i Fjotland 1900, skpr. i Lyngdal, Vest-Agder 1912, i dei seinste aari ogso provst.

I Fjotland var han ordførar i aari 1905—12. Sumaren 1905 tok han til aa preika paa nynorsk, daa han skyna folk ikkje hadde noko imot det, og preika berre paa norsk so lenge han var i Fjotland. Men i Lyngdal hev han ikkje nytta norsk daa han trur det vilde vekkja strid. „Og i kyrkjehuset vil eg ikkje ha nokon strid", skriv han.

Gift 1896 med Karen Elisabeth Wettergren f. 17. juli 1870, dotter av fut Jacob Wessel Wettergren (1836—1909) og Hilda Jensine Kjeldsen (f. 1841).



Edvard Olai Arstein

er fødd i Fjaler i Sunnfjord 24. januar 1866. Foreldre: Bonde Johan Torlakson Arstein (f. 1839) og Anne Endresdotter (1832—1906). Student 1888, kand. teol 1896, praktikum 1901. Etter embætteseksamen var han huslærar, vart ordinera i 1901 for aa styra Solund soknekall, stiftskapellan i Bjørgvin bispedøme 1902, soknepresi i Askvoll 1907, skpr. i Haram 1913, skpr. i Biri 1911.

Han heldt preika paa nynorsk i Borgundkyrkja i Lærdal i Sogn olsokdag 1906 og elles av og til i dei aari han var stiftskap. I Askvoll preika han stundom paa nynorsk og i Haram brukte han berre nynorsk fraa fyrste stund i Fjørtoftkyrkja og etter den norske liturgien var innført, ogso dei andre kyrkjorne. I Biri hev han derimot ikkje preika paa nynorsk i kyrkja, men stundom i bedehusi, og i konfirmantupplæringi nyttar han norsk.

Gift 1903 med Inger Skjerven f. 22. mars 1877, dotter av bonde Ola Olson Skjerven (1826—1908) og Ingebjørg Olsdotter (1831—1916).

Gregor Eliseus Barman

er fødd i Haram paa Sunnmøre 1. oktober 1867. Foreldre: Soknepresi Ole Barman (1816—1914) og Margrete Elisabeth Mørch (1832—89). Student 1888, kand. teol. 1893, praktikum 1894. Arbeidde i den norske sjømannsmissjon i London i 1895—99, soknepresi i Sulen, Ytre Sogn 1899, skpr. i Maasøy,

Finnmark 1903, skpr. i Haram 1906, skpr. i Borgund, Sunnmøre 1913, provst i Nøre Sunnmøre 1917—22, skpr. paa Nedre Eiker ved Drammen 1922.

Formann i skulestyri i Sulen, Kjelvik, Maasøy, Haram og Borgund, form. eller varaform. i fatigstyret same stader. Form. i Sunnmøre presteforening og i samskipnader for sjømannsmissjonen paa Sunnmøre. Varaform Sunnmøre historielag og form. i nemndi for Borgund bygdesoga.

Han hev serleg hug paa sogegransking og hev fleire gonger studera serleg kyrkje- og religionssoga i London og ved ymse universitet i Tyskland, sist vaaren 1922, daa han hadde stipend til gransking i Berlin og Leipzig.

Fyrste gongen han preika paa nynorsk var i 1908 i Fjørtoft kyrkja i Haram, sidan preika han oftast paa norsk i denne kyrkja. Etter han flutte fraa Haram hev han ikkje nytta nynorsk i preikor.

Gift 1895 med Bertha Marie Liljedal f. 3. mars 1870, dotter av statsraad h. v. Edv. A. Liljedal (f. 1845) og Barbra Ramslie (f. 1850).

Thorstein Gunnarson



er fødd i Kyrkjebø, Lavik i Sogn 23. juni 1868. Foreldre: Bonde Gunnar Olsen Fitje (1832—1917) og Ingeborg Øysteinsdotter (1831—1909). Student fraa Hambro skule i Bjørgvin 1888, kand. teol. 1894, praktikum 1895. Pers. kap. i Raade 1897, stiftskap. i Bjørgvin bispedøme 1902, sokneprest i Sunnylven, Sunnmøre 1905, skpr. i Sveio, Sunnhordland 1912.

Formann i skulestyri i Sveio, Vikebygd og Valestrand s. 1913. Varaform. i Sunnhordland fylke av D. N. T. Han hev gjeve ut bøkerne „Ora et labora“ (1902)

og „Nogen prækener“ (1905), baae paa dansk, ei preika „Den burtkomne sonen“ (1912) paa nynorsk. Hev siste aaret havt permissjon til vitskapleg gransking.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Sunnylven, og sidan hev han preika paa norsk i ymse høve.

Gift 1905 med Margrethe Borchgrevink f 1. aug. 1877, dotter av provst Henrik Borchgrevink (1847—1913) og Anne Astrup (1847—1905).

Reinert Severin Rødland

er fødd i Lyngdal, Vest-Agder 12. jan. 1869. Foreldre: Kyrkjesongar Reinert Rødland (1831 - 1904) og Maren Vindius Eline Skoland (1842—1901). Lærareks. i Kristiansand 1887, huslærar hjaa soknepresten Mollestad, Lyngdal og organist og hjelpelærar hjaa faren 1887—91, manuduktør i Oslo (las samstundes til millomsk. og stud.eks.) 1891—95, student 1894, lærar paa ungdomsskule paa Lista 1895—96, kst. skulestyrar i Farsund 1896—97, lærar ved folkeskulen i Oslo 1898—1912 (permissjon 1905—08 for aa lesa til embætteseks.), kand. teol. 1908. Residerande kap. i Gloppen, Nordfjord 1912, soknepresten i Luster, Sogn 1917, provst i Indre Sogn.

Han hev preika paa nynorsk av og til, fyrste gong var truleg i Gloppen. (Hev ikkje svara paa spurnad).

Gift 1903 med Inga Christine Vennerød f. 2 febr. 1872, dotter av bonde og bankdir. Christian Vennerød (f. 1833) og Karen Bjørn (f. 1850).

Oskar Garman Nagelstad

er fødd i Kristiansand 14. desember 1873. Foreldre: Kaupmann Torkel Gahrson Nagelstad (f. 1848) og Bertine Elise Olsen (f. 1852). Faren er bondeson, paa morssida ættar han fraa ei islendsk ætt som i 1627 flutte til Kjøbenhavn. Student 1893, kand. teol. 1899, praktikum 1900. Styrar av Florø millomskule 1900—1902, lærar ved Fredriksstad millomskule for

gjentor 1902—07, stiftskap. i Bjørgvin bispedøme 1907, sokneprest i Aardal i Sogn 1908, skpr i Landvik, Vest-Agder 1915, avskil for skuld sjukdom i novbr. 1923.

Daa han var smaagut var han ofte hjaa bestefaren og tok daa til aa læra nynorsk maal. I studentaari var han mykje i Sætesdal og lærde seg daa meir og meir av det sætesdalske maalføret. Daa han kom til Aardal der norsken var innført i skulane fekk han god bruk for maalkunnskapen. Han nytta ogso nynorsk i preikor i ymse høve, det same gjorde han i Landvik.

Gift 1901 med Amunda Elise Hovbrender f. 24. aug. 1876, dotter av kaupmann Peter Hovbrender (f. 1850) og Cicilia Catharina Cappelen Eitzen (f. 1856).

Brage Høyem

er fødd i Nidaros 26. sept. 1874. Foreldre: Setelkontrollør i Noregs bank Olav Jakobson Høyem (1830—99) og Oline Ingebrigtsdtr. Mule (f. 1839). Student 1893, kand. teol. 1898, praktikum 1899. Lærar ved Det norske diakonhjem 1899, lærar ved Volda lærarskule og Stabells millomskule i Volda 1899—1902, sokneprest i Kautokeino, Finnmarki 1902, skpr. i Ørsta, Sunnmør 1907, skpr. i Tingvoll, Nordmør 1914, skpr. i Orkdal s. 1922. Var i den tid han var i Ørsta ogso lærar paa Møre folkehøgskule, i Tingvoll: lærar ved Nordmør folkehøgskule, Straumsnes og Nordmør amtsskule, Tingvoll, i Orkdal: lærar paa Torshus folkehøgskule. Han gjorde upptaket til Orkdal private landsgymnas som kom igang hausten 1923. Her er han ogso lærar.

Skulestyreformann i Kautokeino, Ørsta, Vartdal, Tingvoll og Straumsnes. Fatigstyreform. i Kautokeino og Tingvoll.

Formann i kristl. ungdomslag, heidningemissjons- og indremissjonslag. Form. i Nordmør krins av Norsk finnemissjon, form. i styre for Sunnmøre barneheim. — Stipendferd til Danmark for aa studera ungdomsarbeid og kyrkjeliv 1923.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Ørsta 1907. Sidan hev han halde nynorske preikor av og til der han hev vore prest.

Gift 1899 med Jakobine (Lilla) Kamstrup f. 17. sept. 1874, dotter av fullmekt i Noregs bank Claus Winter Kamstrup (1839—191*) og Julie Margrete Hansen (1837—1905)



John Hoem

er fødd i Selbu, Trøndelag 1. desbr. 1875. Foreldre: Bonde Halvor Olson Hoem (1823—92) og Sofie Johnsdtr. Lien (1836—1921). Student 1897, vernepl. offiser 1898, vernepl. premierløytn. i forsvaret for Troms bispedøme 1904. Gjorde teneste ved Alten krinskomp. i vaapenøvingarne 1899—1902. Fekk avskil 1908 for skuld prestetenesta. Han vart kand. teol. 1903, tok praktikum 1904. Pers. kap. hjaa skpr. G. A. Øverland, Nidaros 1904—09, dei tvo siste aari ogso prest ved „Trondhjems sykehus", stiftskap. i Nidaros bispedøme 1909, sokneprest i Bjørnør, Trøndelag 1910, skpr. i Ulstein, Sunnmøre s. 1916, provst i Søre Sunnmøre, kst. 1918, utnemnd 1920.

Form. i skule- og fatigstyre, med i Ulstein forlikskommissjon og forliksraad. Form. i Sunnmøre krins av Norsk finnemissjon fraa 1919, med i styret for Sunnmøre fællesforening fraa 1919, i styret for Sunnmøre ungdomsskule. Form. Ulstein kristl. ungdomsforeining s. 1921.

I Ulstein hev han preika nokre gonger paa nynorsk.

Gift 1910 med Borghild Svendsen f. 26. mars 1885, dotter av handelsm. Ole Severin Svendsen (1835—1900) og Martha Antonette Rummelhof Olsen (f. 1844).

Apollonius Johan Liljedahl

er fødd i Kyrkjebø, Lavik i Sogn 14. april 1875. Foreldre: Daav. kyrkjesongar, seinare riksraad Edvard Liljedahl (f. 1845) og Barbra Ramsli (f. 1850). Student 1895, kand. teol. 1902, praktikum 1903, eks. i lappisk 1904. Pers. kap. i Dovre 1903, sokneprest i Tana 28. novbr. s. aa., sokneprest i Valle, Sætesdal 27. febr. 1909, skpr. i Jølster, Sunnfjord 14. juli 1916, skpr. i Vik i Sogn s. 15. april 1921.

Formann i skulestyret i Tana, Valle og Jølster. Styreslem i „Sunnfj. fællesfor. for indre mission", i „Midtre Sogns fællesfor. for indre miss." og i Sogns krins av det kyrkjelege landslag.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Hylestad i Sætesdal 1914. Hev sidan preika paa norsk i ymse høve.

Gift 1909 med Anna Theodora Aas f. 11. mai 1878, dotter av kaupmann Bernt Theodor Aas (1840—1915) og Anna Regine Dahl (1844—1911).

Andreas Fleischer



er fødd i Øvre Stjørdal, Trøndelag 5. novbr. 1878. Foreldre: Sokneprest Carl Edvard Fleischer (1843 - 85) og Johanna Sofie Fergstad (f. 1850). Student i Nidaros 1896, kand. teol. 1902, praktikum 1903. Missionsprest og teol. lærar i Hunan i Kina 1904—12, sokneprest i Fitjar, Sunnhordland 1912, skpr. paa Stord 1917, skpr. i Brunlanes 1922.

Formann i Teologisk forening 1903, i Fitjar missjonsforein.- og kristl. ungdomsforeining 1913—17, i Sunnhordlands fellesfor. for Norske missjonsselsk. 1914—22.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han paa ei ungdomsstemna paa Stord 9. sundag etter Triein. 1917. Sidan heldt

han norske preikor 17de mai og olsok so lenge han var paa Stord, men hev ikkje nytta nynorsk i Brunlanes. Han hev skrive paa nynorsk i fleire blad.

Gift 1908 med Petra Amalie Margrethe Ulsaker f. 28. juni 1881, dotter av provst Jon Ulsaker (f. 1841—1914) og Marta Marie Amble (1851—95).

Ingebrigt Hole

er fødd i Breim, Nordfj rd 19. mars 1878. Foreldre: Lærar Nils Rasmusson Hole (1849—1914) og Ingeborg Ingebrigtsdotter Myklebust (f. 1842). Fjordane fylkesskule 1896, student i Oslo 1900, kand. teol. 1910, praktikum s aa. Stiftskapellan i Bjørgvin bispedøme $^{31}/_{12}$ 1910, sokneprest i Hjørundfjord paa Sunnmøre $^{13}/_{7}$ 1913, sokneprest i Beitstad, Trøndelag $^{1}/_{3}$ 1920.

Forlikskommissær i Hjørundfjord, formann i skulestyre og fatigstyre umlag heile tidi han var der. Form. i Sunnmøre barneheim i 3 aar, form. i Beitstad skuleskulestyre s. 1921.

Han var maalmann alt fraa barneaari. I 1900 var han med og skipa Student-maallaget i Oslo. Gjorde upptaket til aa faa innført heilnorsk altarbok i Hjørundfjord og i Namdalseid. Han hev skrive ymist i blad og bok, soleis eit stykke i Luther-minneboki utgjevi av prestar i Bjørgvin bispedøme i 1917. Hev vore mykje nytta til ungdoms- og avhaldstalar paa stemnor og i fyredragslag. Fyrste preika paa nynorsk heldt han 13. juli 1913. „Sidan hev eg ikkje nytta det alltid, men naar eg trur det ikkje skader m. a. o. so ofte raad er", skriv han.

Gift 1913 med Marie Langeland fødd 26. april 1883, dotter av bonde og stortingsmann h. v. Ole Langeland (f. 1845) og Olava Hellesylt (f. 1847).



Sophus Frøland

er fødd i Aalesund 18. januar 1879. Foreldre: Skulestyrar Ole Martinius Frøland (f. 1842) og Petrine Oluffa Johnsen (f. 1839). Faren vilde han skulde lære eit handtverk fyrr han tok til aa studera, og han var difor i snikkarlæra tri aar. Student 1899, kand. teol. 1904, praktikum 1905. Etter studenteks. gjekk han paa krigsskulen og gjorde teneste som vernepliktig offiser, siste aaret 1905. Pers. kap. i Kragerø 1905, i 1908 tok han til aa arbeide i umstreifarmissjonen og vart i 1909 styrar av arbeidarkolonien for umstreifarar i Svanviki paa Nordmøre, hausten 1912 sokneprest i Tolga, Øysterdalen, skpr. i Lærdal i Sogn 1920.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Eide kyrkja paa Nordmøre (Kvernes prstgjd.) 17. mai 1910. Sidan hev han av og til nytta nynorsk.

Gift 1905 med Dagmar Alvilde Schau f. 4. okt. 1881, dotter av kunsthandlar Teodor Schau (f. 1850) og Inga Gustava Olstad (f. 1862).

Alfred Brynjulv Andersson

er fødd i Aalesund 17. mai 1882. Foreldre: Bakarmeistar, sidan kaupmann Andreas Kornelius Anderssen (f. 1857) og Maria Rasmussen (1859—1922). Student i Aalesund 1901, kand. teol. 1906 Presteverksemd i Trondarnes, Aas og Valle i Sætesdal 1907—09, sokneprest i Bø i Vesteraalen 1910—16, stiftskap. i Hamar bispedøme 1917—18, kst. soknepr i Aal i Hallingdal, Hjørundfjord og Sande paa Sunnmøre 1920—22, residerande kapellan i Elverum 1922.

Fyrste preika paa nynorsk 17. mai 1914 i Bøkyrkja i Vesteraalen. Sidan hev han nytta nynorsk jamt i dei bygder

der folket ynskte det eller ikkje var for sterkt imot det. Han fører ogso kyrkjebøkerne paa norsk. Elles hev han halde mange nynorske messor og ungdomsfyredrag rundt i kring i landet, serleg paa Sunnmøre og paa Austlandet. Ugift.



Harald Kaldor

er fødd i Øyer, Gudbrandsdal 9. juli 1882. Foreldre: Bonde Ole Torgerson Kaldor (1837—1916) og Johanne Halvardsdtr. Laanke (1851—1917). Gardsarbeid heime til 1900, krambudsvein paa Litlehamar 1900—07, lærareks. i Oslo 1909, vikarlærar i Oslo 1909—11, fast lærar s. st. fraa 1911, las samstundes til studenteks. som han tok 1913 og til embætteseks. som han tok 1919. Var millombils prest paa Borgestad i Gjerpen i 9 maanader, styrde so Bjelland soknekall til han i 1922 vart kallskap. i Tinn, Telemark.

Han hev preika paa nynorsk i Valle kyrkja (i Sør-Audnedal), i Bjelland og i Tinn. I Øyer hev han preika paa øyermaal.

Gift 1922 med Anne Lindstad f. 16. oktober 1890, dotter av bonde Martinus Lindstad (1831—99) og Anne Bentsdtr. Grinaker (f. 1854).



Andreas Kristian Andersen Grimsø

er fødd paa Vega, Haalogaland, 22. sept. 1883. Foreldre: Bonde og lagtingspresident A. Andersen Grimsø (f. 1850) og Anne Margrete Sommer (f. 1858). Student 1903, kand. teol. 1909, praktikum s. aa. Kst. sokneprest i Barbu, Arendal 1910, pers. kap. hjaa presten Irgens, Arendal hausten 1910, kst. sokneprest i Arendal hausten 1911—mai 1913, styrde Øyestad soknekall og Haram soknekall 1913, stiftskap. i Agder bispedøme jan. 1914, kallskap. i Mandal hausten 1914,

sokneprest i Tinn april 1918, provst i Aust-Telemark februar 1919.

Formann i Halsa skulestyre, varaform i Tinn skulestyre, form. i Arendals kr. ungdomsfor. 1912—13, i Mandal kr. ungdomsfor. 1915—18, form. i Atraa fril. ungdomslag, Tinn s. 1919.

Var sumaren 1918 paa norskmaalsskeidet for prestar i Ullensvang. Fyrste preika paa nynorsk heldt han 18. august 1918 i Austbygdi i Tinn. Sidan hev han alltid preika paa norsk i denne sokni.

Gift 1916 med Torbjørg Oftebro f. 16. mai 1892, dotter av skulestyrar Ole Oftebro (f. 1858) og Amalie Log (f. 1867).



Karl Eugen Birkelund

er fødd 27. juni 1884 i Vestre Aker ved Oslo. Foreldre: Mekanikar Karl Johannesson Birkelund (1849—1916) og Eugenie Svendsen (f. 1850). Lærareksamen paa Hamar 1906, student 1909, kand. teol. 1916, praktikum 1917. Lærar paa døveskulen paa Hamar 1906—08, paa lærarskulen s. st. 1908—09, lærar ved folkeskulen i Oslo 1909—17. Sokneprest i Bygland, Sætesdal sidan sept. 1917.

Formann i Bygland skulestyre i 4 aar. Fekk vinteren 1917—18 istand sjukepleielag for Bygland og hev sidan vore med i styret for dette. Gjorde ei ferd til Tyskland i 1913.

Han hev i dei siste aari stundom preika paa nynorsk.

Gift med Hanna Emilie Hansen f. 24. okt. 1880, dotter av kaptein og fabrikant O. C. Hansen (f. 1849) og Anna Jensen (1858—91).

Olav Bugge Nundal

er fødd i Aardal i Sogn 15. april 1886. Foreldre: Bonde Henrik Nundal (1847—1904) og Ingebjørg Nundal (1869—1901). Lærareksamen paa Elverum 1907, lærar i Lødingen 1907—11, student 1913, kand. teol 1918, praktikum s. aa. Sokneprest i Karlsøy, Haalogaland bispedøme s. 20. des. 1918.



Form. i Karlsøy skulest. og fatigst.

Dimispreika paa universitetet i 1918 var paa nynorsk, sidan nokre faae preikor. „Livsens lagnad hev vilja det so eg baade som lærar og prest kom til aa arbeida i luter av landet der det ingi maalreising hev vore. Likevel hev eg fenge høve til aa halda ein del talar og preikor paa norsk maal. Og eg vonar med tidi heilt aa kunna gaa yver til maalet".

Gift 1924 med Laila Fornebo.

Gunnar Flaatten

er fødd i Ramnes, Vestfold 7. februar 1888. Foreldre: Bonde og bankkasserar Even Flaatten (f. 1848) og Laura Otilie Kjølsrød (f. 1843). Student 1908, kand. teol. 1914, praktikum 1915. Sokneprest i Herrefoss 1915, skpr. i Etne, Sunnhordland 1920.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i 1921, sidan hev han preika paa nynorsk av og til.

Gift 1918 med Anna Aaneland f. 8. aug. 1894, dotter av kyrkjesongar Frants Aaneland (f. 1858) og Anne Knutsdotter (f. 1875).

Rasmus Johannes Slaattelid

er fødd i Raade, Austfold 8. juni 1889. Foreldre: Lærar Olav Slaattelid (f. 1859) og Hansine J. Brudevoll (f. 1859). Millomsk.eks. i Bjørgvin 1904, student fraa Hauges minde, Oslo 1907, kand teol 1914, praktikum s. aa. Soknepr. i Bremanger 1915. Skpr. i Davik, Nordfjord 29. febr. 1924.

Form. i skulest. og forlikskom. i Bremanger. — I 1916 hadde han stipend til aa studera kyrkjesoga i Oslo.

Dimispreika paa universitetet 1914 var paa nynorsk. Han preika alltid paa nynorsk i ei sokn i Bremanger og ved ymse høve i dei andre 2 soknerne.

Gift [1]) 1915 med Ingeborg Nossen f. 1890 d. 1917, dotter av lærar og bonde Sivert Nossen og Ingelina Brudevoll.

[2]) 1920 med Kari Stokkenes f. 1894, dotter av lærar og bonde Henrik Stokkenes og Samuline Hjelle.



Lauritz Rasmus Nossen

er fødd i Sannidal 21. oktober 1891. Foreldre: Lærar Johan Nossen og Synnøve Helene Barstad. Student 1912, krigsskuleeks. 1 avd. 1913, kand. teol. 1917, praktikum 1918. Stiftskap. i Agder bispedøme 1918, sokneprest i Laardal s. 14. febr. 1919

Skulestyreform. i Laardal s. 1920, form. i Det kristl. ungdomslaget „Heim", Laardal. Var fyrste formann i Det nynorske exegeselaget „Veghittaren", Oslo.

Fyrste preika paa nynorsk heldt han i Nes kyrkja i Sauherad paa ei ungdomsstemna 1. aug. 1920. Han nyttar no nynorsk til alle høgtidsdagar og nationale festdagar og desutan i umlag $^1/_4$ av alle preikor han held.

Gift 1916 med Ingeborg Marie Fuglestvedt f. 28. aug. 1890, dotter av kyrkjesonger Haakon Fuglestvedt og Maren Abrahamsen.

Lars Wallevik



er fødd i Ulvik i Hardanger 13. april 1891. Foreldre: Bonde og landhandlar Paul Wallevik (1850—1897) og Gjertrud Sed (f. 1849). Student fraa Voss private gymnas 1912. Var i 3 aar vikar i folkeskulen og laut desutan for skuld sjukdom vera burte fraa studiet i 2 aar. Kand. teol. 1923, praktikum 1923. Stiftskapellan i Nidaros bispedøme 17. jan. 1924.

Til alle eksamenar nytta han nynorsk maal, og ordinasjonspreika hans i Nidarosdomen 27. febr. 1924 var paa norsk. Elles vil han nytta norsk eller norsk-dansk preikemaal etter som folk ynskjer.

Ugift.



Joakim Rikard Ingvald Kvistad

er fødd i Hjørundfjord, Sunnmøre 4. sept. 1892. Foreldre: Bonde Andreas J. Kvistad (f. 1846) og Johanna Rekkedal (f. 1854). Sunnmøre ungdomsskule 1910, lærareks. Volda 1913, lærar og kyrkjesongar i Meløy 1913—14, lærar ved Sunnmøre ungdomsskule 1914—15, student fraa Volda 1917, kand. teol. ved Menighetsfakultetet 1921, praktikum 1922. I studietidi var han i feriane ferdatalar for Norges kr. ungdomslag. Styrde Haram soknekall i aug.—sept 1922, hjelpeprest ved domkyrkja i Bjørgvin og prest ved „Bergens kredsfengsel" s. 1. novbr. 1922.

I Haram nytta han nynorsk i alle preikor. Fyrste norske preika i Hjørundfjord i mai 1922. I Bjørgvin nyttar han berre norsk-dansk.

Gift 1922 med Ragna Agnete Fylling f. 18. mai 1897, dotter av bonde Ole K. Fylling og Nikolina Nymark.

Etter=ord.

Umframt dei prestar som no er fortalt um, er det tvo som eg veit um hev preika mykje paa nynorsk. Den eine er sjømannsprest *Hermann Laading*. Han var i 1920—22 soknepresti Ørsta paa Sunnmøre, og i den siste tidi preika han paa nynorsk. Han er no sjømannsprest i Rotterdam og er soleis ikkje prest her i landet lenger. Den andre er *Simon Nigar*. Han var til 1922 soknepresti Aukra Romsdalen, og her preika han paa nynorsk dei siste aari. Han hev no gjenge ut or presteyrket.

So er der nokre prestar som hev halde ei eller tvo preikor paa nynorsk, men no preikar berre paa norsk-dansk. Av desse hev eg høyrt nemnt res. kap. *M. M. Fønhus*, Skien og soknepresti *Alfred Storaas*, Værøy. Desutan er der sume prestar som hev nytta nynorsk i brudevigslor, bibellesingar eller fyredrag. Eg hev høyrt nemnt soknepresti *Ebbemo*, Stavanger (no utn. til Flekkefjord), kateket *Børge Ask*, Flekkefjord, soknepresti *O. K. Ottesen*, Gulen og soknepresti *Andreas Hauge*, Fyresdal.

Av dei teologiske kandidaterne som tok praktikum i siste haustsemester var det 5 stykke som heldt dimispreika paa nynorsk. Fire av desse er komne med her; den femte, *Bernhard Skauge* vart 29. febr. utnemnt til stiftskapellan i Haalogaland bispedøme; men kva preikemaal han vil bruka, veit eg ikkje, og eg hev ikkje fenge nokon upplysningar fraa honom. Elles er det mange teologiske kandidatar som talar nynorsk, men som ikkje enno hev vorte prestar; dei hev teke lærararbeid i den høgre skulen eller lærarskulen.

Det finst ogso mange prestar som hev *skrive* preikor paa nynorsk; men dei hev ikkje brukt nynorsk i kyrkja. Her

skal det og nemnast at den nye Nidarosbispen *Jens Gleditsch* kann bruka baae maal i skrift, og han hev skrive preikor paa nynorsk.

Til slutt eit par rettingar: I soga um biskop Hognestad, ser det ut som han berre hev havt gjenomsynet av den nynorske bibelen; men han hev ogso sjølv umsett mykje: $^2/_3$ av Salmarne, Ordtøkeboki, Preikaren, Jesaja 40—66, eit par av dei smaae profetarne og ei ny umskrift av romarbrevet. Dette burde ha vore med i biografien. — Um sokneprest K. Eik-Næss stend det (s. 44) at han var form. i Stud maallaget i 1911 og 12 skal vera *1911* og *13*.

I innleidingi som var prenta alt i november i fjor, er det sagt at det daa var 46 prestar i verksemd som alltid preika paa nynorsk. Sidan hev det koma tri nye til og ein av dei gamle (Eiesland) hev slutta, so talet no etter det eg veit er 48. Som ein ser er her i denne boki nemnt 51 som alltid preikar paa norsk. Av desse hev 4 fenge avskil; men ein av dei er enno i arbeid. Av prestar som stundom hev preika paa nynorsk er her i boki 31. Tvo av desse hev nyleg fenge avskil. Det kann henda der finst einkvan eg ikkje hev fenge greida paa som hev preika paa nynorsk.

Asker i mai 1924.

Anton Aure.

Register

yver livssogorne.

Aamot, Andreas, soknеprest . . . . . Side 16
Aartun, Ivar, soknеprest . . . . . „ 32
Andersson, Alfred B., res. kapellan . . . . . „ 73
Anker, B. Th., provst . . . . . „ 33
Arstein, Edv., soknеprest . . . . . „ 66
Aune, John, soknеprest . . . . . „ 47
Baartvedt, Alf, soknеprest . . . . . „ 10
Barmann, Gregor, soknеprest . . . . . „ 66
Barstad, Johannes, soknеprest . . . . . „ 27
Berge, Peder, soknеprest . . . . . „ 48
Bergland, Aslak, soknеprest . . . . . „ 62
Birkelund, Eugen, soknеprest . . . . . „ 75
Brekke, Zakarias, soknеprest . . . . . „ 40
Bruhjell, Eirik, provst h. v. . . . . „ 59
Devold, Harald, soknеprest . . . . . „ 64
Egnund, Ivar Mortensson, soknеprest h. v. . . . . „ 28
Eiesland, Peder, provst h. v. . . . . „ 24
Eik-Næss, Knut, soknеprest . . . . . „ 43
Erla, Ottar, soknеprest . . . . . „ 41
Farnes, Torleiv, soknеprest . . . . . „ 32
Finsaas, Cathrinus, res. kap. . . . . „ 51
Fjær, Sigurd, stiftskapellan . . . . . „ 54
Flaatten, Gunnar, soknеprest . . . . . „ 76
Fleischer, Andreas, soknеprest . . . . . „ 71
Freihow, Halfdan, soknеprest . . . . . „ 43
Frøland, Sophus, soknеprest . . . . . „ 73
Gregusson, Jakob, provst . . . . . „ 15
Grimsø, Kristian A., provst . . . . . „ 74
Grønlien, Haldor, soknеprest . . . . . „ 47
Grønningsæter, Fredrik, provst . . . . . „ 37
Gunnarson, Thorstein, provst . . . . . „ 67
Hagene, Kristian, soknеprest . . . . . „ 44
Haugsøen, Rasmus, stiftskapellan . . . . . „ 34
Heldal, Olav, soknеprest . . . . . „ 38

Heyerdahl, N. R., sokneprest . . . . . Side 63
Hoem, John, provst . . . . . „ 70
Hognestad, Peter, biskop . . . . . „ 17
Hole, Ingebrigt, sokneprest . . . . . „ 72
Homme, Torleif, sokneprest h. v. . . . . „ 26
Hovda, Theodor, stiftskapellan . . . . . „ 57
Hovden, Anders, sokneprest . . . . . „ 29
Høyem, Brage, sokneprest . . . . . „ 69
Høyland, Rasmus, provst . . . . . „ 65
Indrebø, Ragnvald, sokneprest . . . . . „ 52
Janson, Kristofer, kand. teol. diktar . . . . . „ 8
Kaldor, Harald, kallskapellan . . . . . „ 74
Kornbrekke, Jakob, provst h. v. . . . . „ 25
Kvaale, Olav, res. kapellan . . . . . „ 50
Kvamsdal, Hallvard, sokneprest . . . . . „ 36
Kvistad, Joachim, tridjeprest . . . . . „ 78
Lande, Aasulv, stiftskapellan . . . . . „ 54
Langvand, Nils, sokneprest . . . . . „ 16
Lavik, Johan, sokneprest . . . . . „ 61
Liljedahl, A. J., sokneprest . . . . . „ 71
Ljostveit, Kristian, sokneprest . . . . . „ 52
Lunde, Enok, sokneprest . . . . . „ 16
Lynum, Ola, sokneprest . . . . . „ 55
Løvoll, Arnoldus, res. kapellan . . . . . „ 55
Mannsaaker, Jon, hjelpeprest, høgskulest. . . . . „ 39
Møllerup, Nils, sokneprest . . . . . „ 65
Nagelstad, Oscar, sokneprest h. v. . . . . „ 68
Nordlid, Kristian Olsen, sokneprest . . . . . „ 11
Nossen, Lauritz, sokneprest . . . . . „ 77
Nundal, Olav Bugge, sokneprest . . . . . „ 75
Næss, Leonhard, sokneprest . . . . . „ 60
Ofstad, Nils, sokneprest . . . . . „ 53
Roald, Karl, sokneprest . . . . . „ 56
Rollness, Peder Berg, sokneprest . . . . . „ 53
Rongved, John, sokneprest . . . . . „ 45
Rynning, Paul E., sokneprest . . . . . „ 51
Rødland, Reinert, provst . . . . . „ 68
Seland, Søren, sokneprest . . . . . „ 39
Sesbø, Aksel, ordinera prest . . . . . „ 56
Skaara, Peter, provst . . . . . „ 46
Skipenes, Peder, sokneprest . . . . . „ 42
Skrondal, Anders, sokneprest . . . . . „ 45
Slaattelid, Rasmus, sokneprest . . . . . „ 76
Sletten, Jakob, stiftskapellan . . . . . „ 36
Solheim, Ludvig, sokneprest . . . . . „ 31

Sortland, Ola, sokneprest . . . . . Side 46
Strømme, Olaf, res. kapellan . . . . . „ 41
Støylen, Bernt, biskop . . . . . „ 21
Tjensvoll, Lars, sokneprest . . . . . „ 49
Torvanger, Ragnvald, sokneprest . . . . . „ 49
Trædal, Nils, sokneprest . . . . . „ 38
Unger, J. E., provst . . . . . „ 9
Urdahl, Ole, stiftskapellan . . . . . „ 50
Vasstrand, H. A. S., provst . . . . . „ 63
Værnes, Johan J., sokneprest . . . . . „ 61
Wallevik, Lars, stiftskapellan . . . . . „ 77
Wiig, Niels, provst . . . . . „ 35
Øye, Karl Johan, sokneprest . . . . . „ 57

Depotbiblioteket
78sd 17 933